



Høringsnotat

Endring av forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr

Saksnr. 20/1345

Innhald

1.0. Generelt i høve til endringane	4
1.1. Litt om kommunen sin oppgåve med levering av vatn og avløpstenester	4
1.2. Overordna målet med endringa av forskrifta.....	5
2.0. Dei generelle føresegnene	5
2.1. Gjeldande rett	6
2.1.1. Formålet	6
2.1.2. Verkeområdet.....	6
2.1.3. Definisjonar	6
2.1.4. Gebyrtypar etter forskrifta	7
2.2. Forslag til innleiande føresegner og merknadar til desse	7
2.2.1. Forslaget i § 1-1 om formål	7
2.2.2. Forslaget i § 1-2 om verkeområdet for forskrifta	7
2.2.3. Forslaget i § 1-3 om definisjonar	8
2.2.4. Forslaget i § 1-4 om gebyrtypar	9
2.2.5. Forslaget i § 1-5 om gebyrsats.....	9
3.0. Tilknytingsgebyret.....	9
3.1. Gjeldande rett	9
3.1.1. Gebyrplikta og utforminga av gebyret	10
3.1.2. Særskilde gebyrsatsar for tilknytingsgebyret	11
3.1.3. Ansvar for tilknytingsgebyret	12
3.1.4. Særskild om mellombels tilknytning	12
3.2. Forslaget til nye reglar om tilknytingsgebyret og merknadar til desse	13
3.2.1. Forslaget i § 2-1 om gebyrplikt	13
3.2.2. Forslaget i § 2-2 om utforming av gebyret	14
3.2.3. Forslaget i § 2-2a om ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret	15
3.2.4. Forslaget i § 2-3 om ansvar og betalingsfrist for tilknytingsgebyret	16
4.0. Årsgebyret	17
4.1. Gjeldande rett	18
4.1.1. Gebyrplikt og utforminga på gebyret	18
4.1.2. Berekning av årsgebyret – utgangspunktet for berekning av forbruksgebyret	18
4.1.3. Nærare om målereglane i kommunen	19
4.1.4. Berekning av årsgebyret – avvik i vassmengde og avløpsmengde.....	20
4.1.5. Berekning av årsgebyret – avvik i innhald i avløpsvatn.....	21
4.1.6. Berekning av årsgebyr – årsgebyr for ubebygde eigedom.....	21
4.1.7. Ansvar for årsgebyret.....	22
4.2. Forslag til nye føresegner om årsgebyret og merknadar til desse	22
4.2.1. Forslaget i § 3-1 om gebyrplikt og ikrafttreding	22
4.2.2. Forslaget i § 3-2 om eigedom utan godkjend tilknytning eller fråkopling	24

4.2.3.	Forslaget i § 3-3 om ansvar for årsgebyra	24
4.2.4.	Forslaget i § 3-4 om utforming av gebyra	25
4.2.5.	Forslaget i § 3-5 om ansvar for opplysningar om abonnementet.....	26
4.2.6.	Forslaget i § 3-6 om berekning av gebyr	26
4.2.7.	Forslaget i § 3-7 om betaling etter målt forbruk.....	27
5.0.	Vassmålar	28
5.1.	Gjeldande rett	28
5.1.1.	Eigedomstilhøve, kostnader m.m.....	28
5.1.2.	Avlesing og kontroll av vassmålar	28
5.1.3.	Avrekning ved feilmåling	29
5.1.4.	Fjerning av vassmålar og ansvar ved skade.....	31
5.2.	Forslag til nye føresegner om vassmålar og merknadar til desse	31
5.2.1.	Forslaget i § 4-1 om installasjon av vassmålar	31
5.2.2.	Forslaget i § 4-2 om eigartilhøve til vassmålar	32
5.2.3.	Forslaget i § 4-3 om kostnader ved installasjon, drift og utskifting av vassmålar.....	32
5.2.4.	Forslaget i § 4-4 om avlesing av vassmålar	32
5.2.5.	Forslaget i § 4-5 om tilsyn og vedlikehald av vassmålar.....	33
5.2.6.	Forslaget i § 4-6 om nøyaktigheitskontroll.....	33
5.2.7.	Forslaget i § 4-7 om avrekning ved feilmåling.....	34
5.2.8.	Forslaget i § 4-8 om utskifting og flytting av vassmålar	34
6.0.	Reduksjon, retting av gebyrberekning og fritak frå årsgebyr	35
6.1.	Gjeldande rett	35
6.1.1.	Gebyrreduksjon	35
6.1.2.	Retting av gebyrberekning	40
6.1.3.	Fritak frå årsgebyr	40
6.2.	Forslag til nye føresegner og merknadar til desse	41
6.2.1.	Forslaget i § 5-1 om gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova og kjøpslova sine reglar om prisavslag	41
6.2.2.	Forslaget i § 5-2 om rett på erstatning ved feil på avløpet	42
6.2.3.	Forslaget i § 5-3 om retting av feil gebyrberekning	42
6.2.4.	Forslaget i § 5-4 om gebyrfritak frå årsgebyr	43
7.0.	Avsluttande føresegner	44
7.1.	Gjeldande rett	44
7.2.	Forslag til nye avsluttande føresegner og merknader til desse	44
7.2.1.	Forslaget i § 6-1 om vedtaksmynde etter forskrifta.....	44
7.2.2.	Forslaget i § 6-2 om klage og omgjerung	45
7.2.3.	Forslaget i § 6-3 om innkreving	46
7.2.4.	Forslaget i § 6-4 om iverksetting	46
8.0.	Administrative og økonomiske konsekvensar.....	47

1.0. Generelt i høve til endringane

1.1. Litt om kommunen sin oppgåve med levering av vatn og avløpstenester

Etter *Lov av 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)* §§ 27-1 og 27-2 følgjer det at bygning som skal nyttast av dyr eller menneske ikkje kan førast opp eller takast i bruk før det er tilgang til hygienisk, tryggande og tilstrekkeleg drikkevatt og slokkevatt. Det same gjeld ved oppretting og endring av eigedom som gjer mogleg å føre opp eit slikt bygg. Etablering og endring av eigedom for bebyggelse eller oppføring av eigedom må heller ikkje skje før bortledning av avløpsvatt er sikra og i samsvar med forureiningslova.

Dei same føresegnen seier at det er ein plikt til å knytte seg til offentleg vass- og avløpsanlegg der dette er bygd ut. Plikta til å knytte seg til trer inn der dei offentlege leidningane ligg over nærliggande areal til bygningen eller når leidningane går over eigedomen bygningen står på eller i veg som støytar til eigedomen der bygningen er plassert. Har plikta til å knytte seg til først gjort seg gjeldande og bygget er tilknytt, har kommunen begrensa kompetanse til å krevje bygningen kopla frå det kommunale nettet. Etter plan og bygningslova § 31-3 kan kommunen krevje stikkleidningar for vatt- og avløp til bygning kopla frå når dei ikkje blir nytta på permanent basis eller over eit lengre tidsrom, og omsyna til forsvarleg helse, miljø eller tryggleik krev dette. Noko av bakgrunnen for tilknytingsplikta synast å vere at Stortinget (lovgivar) meiner kommunane er best skikka til levering av hygienisk, tryggande og tilstrekkeleg drikkevatt. Dette kan også synast å vere tilfelle ved handtering av avløpsvatt. Kommunen har også etter *forskrift av 17 desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging* § 21 eit ansvar til å syte for at kommunal vassforsyning fram til tomtegrensa i tettbebyggd strøk er tilstrekkeleg til å dekke behovet brannvesenet har for slokkevatt.

På bakgrunn av desse tilhøva kan ein forstå det slik at kommunen har ein plikt til å levere vass- og avløpstenester til innbyggjarane der det er lagt til rette for det. Miljødirektoratet har hatt ute på høyring forslag om endring av *lov av 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)*, der det er foreslått å få inn ei ny føresegn som sett fast at kommunen har ei leveringsplikt på vass- og avløpstenester, sjå høyringsnotat av 2 mars 2020, saksnr. 2020/3211. Dette skal langt på veg vere ein lovfesting av ein allereie etablert oppfatning. Gjeldande rett etter vass- og avløpsanleggslova er vidare at større vass- og avløpsanlegg skal vere eigd av kommunane, jf. § 1. Etter lova er det også eit forbod mot å selje større private vass- og avløpsanlegg til andre enn kommunar utan at det er meint at kommunane skal ha ei tilsvarande kjøpeplikt. Med større vass- og avløpsanlegg er det meint avløpsanlegg som er større enn 50 pe og vassforsyningsanlegg som skal forsyne 20 bustadar og fritidsbustadar eller meir, eller skal forsyne 50 personar eller meir.

Bakgrunnen for lovfestinga av kommunalt eigarskap av vass- og avløpsanlegg synast å vere å syte for kvalitet, tryggleik, og langsiktighet i vass- og avløpssektoren. Dersom vass- og avløpsanlegg i hovudsak skulle vore eigd av private, ville det offentlege kunne få ei stor kontroll og tilsynsoppgåve for teke vare på dei same omsyna. Vidare kjem også at det er knytt store kostnader til utbedring av leidningsnett og kvalitet på tenesta. Kostnadane har kommunane moglegheit for å dekke gjennom blant anna kommunale vass- og avløpsgebyr som ikkje skal overstige sjølvkost. Innbyggjarane er difor sikra at auking i gebyr går til kvalitetssikring og tryggleikstiltak ved vass- og avløpsanlegget og ikkje som til dømes utbytte fordi eigarane ønskar økonomisk gevinst.

På grunn av eigarskap med vass- og avløpsanlegg og ansvaret for levering av vass- og avløpstenester har kommunen heimel til å fastsette gebyr for å dekke kostnadane ved dette. Det overordna heimelsgrunnlaget er å finne i *lov av 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)* og *forskrift av 1 juni 2004 nr. 931 om begrenring av forureining (forureiningsforskrifta)* kap. 16. Anna tilhøve som også forsvorar betaling av vass- og avløpsgebyr, er prinsippet om at forurensaren betalar. Når abonnenten nyttar vatt oppstår det spiltvatt (gråvatt og

svartvatn). Dette er å rekne som forureining etter forureiningslova. Soleis er det riktig at abonnenten er med på å bere kostnadane ved handtering av dette.

1.2. Overordna målet med endringa av forskrifta

Med arbeidet tek vi sikte på å endre *Forskrift av 20 november 2006 nr. 1742 om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal*. Hovudtanken med revideringa av forskrifta er å syte for ei betre systematisering i denne. Mange av føresegnene i gjeldande forskrift er lange og tunge å få oversikt over, og enkelte pragrafer regulerer fleire tilhøve i ein og same føresegn. Forslaget tek sikte på å dele opp føresegnene i fleire føresegner og fleire kapitlar slik at det blir lettare å orientere seg i forskrifta. Enkelte føresegner ligg i dag også noko «gjemt», dette gjeld spesielt reglane om fritak frå årsgebyr og reglane som syner til retten på prisavslag og erstatning mv. etter reglane i kjøpslova, forbrukarkjøpslova og produktansvarslova ved mangelfull vassleveranse. Det same gjeld også reglar om erstatning etter forureiningslova ved feil på avløpet. Desse ønsker vi å få betre fram. Endringa gjer at vi vel å treffe ei ny forskrift. Dette fordi vi legg om systemet heilt og at vi innfører nokre nye reglar.

Føresegnene i § 10 i gjeldande forskrift er foreslått å bli take ut i sin heilskap. Denne regelen regulerer tilhøve som alt er gitt etter forureiningslova og den omhandlar også andre tilhøve enn gebyrberekning. Såleis synast den ikkje å høyre heime i ei forskrift om vass- og avløpsgebyr.

I Arbeidet har vi heldt oss til *lov av 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)* og *forskrift av 1 juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kap. 16* som fungere som overordna heimelsgrunnlag. Det betyr at desse gir rammene for kva ein kommune kan fastsette i ein lokal forskrift om gjennomføring av gebyr for vass- og avløpstenester. Vidare har kommunen i stor grad nytta seg av mal til forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr som *Norsk Vann* har utarbeida. Norsk Vann er ein nasjonal interesseorganisasjon for vassbransjen og er eigd av norske kommunar, kommunalt eigde selskapar, driftsassistansane til kommunane og nokre private samvirkeføretak. Nokre stader har vi støtta oss til teori, rundskriv og rettleiarar. Desse er:

- Miljødirektoratet sin rettleiar til forureiningsforskrifta kap. 16.
- Rundskriv frå Justis- og politidepartementet, G-2002-9001 Forskriftsarbeid for kommunar.
- Rundskriv frå Kommunal- og arbeidsdepartementet – H-1994-12
- Jakobsen, Guttorm, vann- og avløpsrett (2010)
- Kjørven, Marte Eidsand og Bruserud, Herman m.fl. Foreldelse av fordringer (2011)
- Bergsåker, Trygve Foreldelse av pengefordringer etter foreldelsesloven av 1979 i *Jussens venner* (1983) s. 177.

Elles har vi let oss inspirere av enkelte andre kommunar ved utforminga av ny forskrift.

2.0. Dei generelle føresegnene

På lik linje med gjeldande forskrift skal ny forskrift heilt innleiingsvis syne til kva for andre statlege og kommunale reglar som gjeld ved sidan av den lokale forskrifta for gjennomføring av gebyr for vass- og avløpstenesta. Desse reglane er:

- Lov av 16 mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
- Forskrift av 1 juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16 om kommunale vass- og avløpsgebyr.

- Gebyrregulativet for det enkelte år.
- Standard abonnementsvilkår utarbeidd av Kommunanes Sentralforbund (KS) og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune

Vidare i dette kapittelet vil vi gjere greie for dei innleiande føresegnene om formål, verkeområde, definisjonar og gebyrtypar i gjeldande forskrift og nokre synspunkt knytt til desse, dette tek vi for oss i pkt. 2.1. I pkt. 2.2 følgjer forslag til nye innleiande føresegner til ny forskrift og merknader til desse føresegnene.

2.1. Gjeldande rett

2.1.1. Formålet

Formålet med gjeldande forskrift går fram av § 1. Forskrifta har til formål å syte for reglar om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnenten skal betale for vatn- og avløpstenester. I føresegna om årsgebyr i § 6 andre og tredje ledd, går det fram at abonnementsgebyr for vass- og avløpstenester skal dekke dei faste kostnadane Sykkylven kommune ventar seg knytt til tenestene. Resten skal dekkast av forbruksgebyra. I ny forskrift bør ein vurdere om desse tilhøva har noko generell betyding utover det som bør gå fram i ei formålsparagraf innleiingsvis i forskrifta. Vel ein å ta med tilhøva som i dag er fastsett § 6 andre og tredje ledd, er det sopass generelt at det bør gå fram i ei formålsføresegna.

2.1.2. Verkeområdet

Verkeområdet for gjeldande forskrift er regulert i § 2 som seier at forskrifta gjeld for alle abonnentar i kommunen. Til spørsmål om kva som meinast med abonnent, gjer § 2 ei tilvising til definisjonen av «abonnent» i forskrifta § 3. Vi oppfattar at verkeområdet for forskrifta ikkje har fått ei god utforming og dette er eit resultat av denne tilvisinga. Definisjonen av abonnent er tung og vanskeleg å lese, dels fordi ein burde skilt ut kva ein meiner med «abonnent» og kva ein meiner med «eigedom». Ein abonnent må også vere anten ein juridisk eller fysisk person fordi abonnenten skal etter forskrifta ha rettar, pliktar og kunne pådra seg ansvar. I definisjonen av abonnent har «bueining» vorte abonnent. Ein bueining er ikkje ein juridisk eller fysisk person og kan såleis ikkje vere abonnent. Definisjonen er heller ikkje heldig fordi den tidvis definerar og tidvis regulerar. Skal ein halde på same formulering av verkeområdet i ny forskrift, må ein difor gjere noko med formuleringa i definisjonen av abonnent. Alternativt kan ein formulere verkeområdet annleis, til dømes at forskrifta gjeld for gebyrpliktige eigedomar i Sykkylven kommune.

2.1.3. Definisjonar

Definisjonar er gitt i gjeldande forskrift § 3. Vi vil ikkje under dette avsnittet ramse opp alle definisjonane som går fram i forskrifta, men nøye oss med å kommenter nokre av dei, elles syner vi til gjeldande forskrift som ligg vedlagt høyringsnotatet. Oppfatninga vår er at det er mogleg å rydde opp i definisjonane. Vi har allereie peikt på definisjonen av «abonnent». Det blir også eit spørsmål om det er nødvendig å føre vidare definisjon av til dømes abonnementsgebyr, forbruksgebyr og eingongsgebyr for tilknytning og gebyrregulativ, eller om ein ut ifrå samanhengen i forskrifta vil forstå kva det går ut på. Nokre definisjonar har også vorte sirkulære fordi ein nyttar same omgrepet i definisjonen som det ein ønsker å definere, sjå til dømes definisjonen av «felles privat stikkledning».

2.1.4. Gebyrtypar etter forskrifta

Føresegna i gjeldande forskrift § 4 gir ei generell tilvising til kva for gebyrtypar som gjeld for vass- og avløpstenester. Desse er eingongsgebyr for tilknytning, årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr) og gebyr for mellombels tilknytning. Når føresegna syner til at det gjeld ein eigen gebyrtype for mellombels tilknytning er dette misvisande. I gjeldande forskrift § 9 andre og tredje ledd, går det fram at ein ved mellombels tilknytning er fritaken for tilknytingsgebyr, men at det skal betalast årsgebyr. Såleis gjeld det ikkje nokon eigen gebyrsats for mellombels tilknytning. Derimot gjeld det ein eigen gebyrtype for kontroll og avlesing av vassmålar etter gjeldande forskrift § 7 sjuande ledd. Forskrifta § 4 kunne her ha synt til denne gebyrtypen i staden for. Reint systematisk er § 4 plassert i kapittel II Vass- og avløpsgebyr i gjeldande forskrift. Det som går fram av § 4 er sopass generelt at det heller burde ha fått plass under dei innleiande føresegnene i forskrifta.

2.2. Forslag til innleiande føresegner og merknadar til desse

2.2.1. Forslaget i § 1-1 om formål

§ 1-1 om formål skal lyde:

Forskrifta skal syte for reglar om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnenten skal betale for vatn- og avløpstenester.

Gjennom dei kommunale vass- og avløpsgebyra skal kommunen syte for å få dekka utgifter som går med til levering av vass- og avløpstenester samt oppretting, drift og vedlikehald av det kommunale vass og avløpsanlegget.

Føresegna syner til at det overordna formålet med forskrifta er å syte for reglar om berekning og innbetaling av gebyr for vass- og avløpstenester. Andre ledd syner til kva inntektane frå gebyra skal gå til. Dette er utgifter knytt til levering av vass- og avløpstenester og oppretting, drift og vedlikehald av det kommunale vass- og avløpsanlegget. Vi søker med denne føresegna å dekke det totale formålet med forskrifta under ei føresegn, slik at vi unngår å ha spreidde formålsføresegner i forskrifta som til dels har vore tilfellet med gjeldande forskrift. Føresegna er meint å erstatte §§ 1 og 6 andre og tredje ledd i gjeldande forskrift.

Formålsføresegn kan elles vere nyttig å ha dels for bruk til tolking av enkeltstående føresegner i forskrifta, men også til bruk ved etterhandskontroll av forskrifta, sjå rundskriv frå Justis- og politidepartementet, G-2002-9001 *Forskriftsarbeid for kommunar* pkt. 6.2.1.

2.2.2. Forslaget i § 1-2 om verkeområdet for forskrifta

§ 1-2 om verkeområde skal lyde:

Denne forskrifta gjeld alle eigedomar i Sykkylven kommune som er knytt til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg anten direkte eller indirekte gjennom privat samleleiding.

Føresegna skal gi ei tilvising for verkeområdet for forskrifta. Det er foreslått at den skal gjelde for alle eigedomar i Sykkylven kommune som er tilknytt kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Vi vel såleis

å gå bort frå løysinga om at den gjeld for alle abonnentar i Sykkylven kommune slik det kjem fram av gjeldande forskrift, sjå kommentarane over i pkt. 2.1. Føresegna er meint å erstatte § 2 i gjeldande forskrift.

2.2.3. Forslaget i § 1-3 om definisjonar

§ 1-3 om definisjonar skal lyde:

I denne forskrifta vert det meint med:

- a) *Sanitærinstallasjonar/innvendige vass- og avløpsinstallasjonar: Abonnenteide røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.*
- b) *Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteide private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.*
- c) *Abonnement: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunens vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning vert rekna som abonnement.*
- d) *Abonnent: Eigar av eigedom som er tilknytt kommunens vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenstående festetid da gebyrplikten inntrådde var 30 år eller meir, eller fester har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikten tredde inn vil kunne bli 30 år eller meir.*
- e) *Eigedom: Fast eigendom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i henhold til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.*
- f) *Bygg: Konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer.*
- g) *Bueining: bustad eller fritidsbustad med eit eller fleire rom, separat inngang og eige kjøkken og bad. Einebustad med inntil 2 bueiningar (kjellarleilegheit, generasjonsbustad, hybel, sekundæreining), vert likevel rekna som ei bueining.*
- h) *Fritidsbustad: Bygning som er registrert som fritidsbustad i Matrikkelen (bygningstype 161-163).*
- i) *Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.*
- j) *Mellombels tilknytning: Bygningar og anlegg som ikkje skal vere oppført meir enn to år og som vert tilknytt kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg.*
- k) *Bruksareal (BRA): Bruksareal for ein bygning eller brukseining som er registrert i Matrikkelen og berekna med utgangspunkt i NS 3940. (Gjeld for andre bygg).*
- l) *Berekna areal (BA): Bruksareal som vert omrekna basert på Husbanken sitt regelverk med ulike faktorar for kjellar, hovudetasje og loft. (Gjeld for bustad og fritidsbustad).*

Med ny føresegn blir nokre definisjonar tatt ut og andre innført. Vi gjer her merksam på at vi endrar definisjonen på abonnent. No skal abonnent gå fram av bokstav d) og kva som er eigedom gå ut frå bokstav e). Vi vidarefører ikkje definisjon av gebyrregulativ, forbruksgebyr, eingongsgebyr for tilknytning og abonnementsgebyr, då vi meiner at innhaldet i desse omgrepa kjem til uttrykk på andre måtar i forskrifta. Føresegna skal erstatte § 3 i gjeldande forskrift.

2.2.4. Forslaget i § 1-4 om gebyrtypar

§ 1-4 om gebyrtypar skal lyde:

Gebyrtypane er:

- a) *Eingongsgebyr for tilknytning til henholdsvis vatn og avløp.*
- b) *Årsgebyr for henholdsvis vatn og avløp.*
- c) *Gebyr for oppmøte ved avlesinging og kontroll av vassmålar.*

Føresegna skal føre vidare § 4 om gebyrtypar i gjeldande forskrift, med unnatak av siste strekpunkt om gebyr for mellombels tilknytning. I staden for vil det i bokstav c) gå fram at det gjeld ein gebyrtype for oppmøte ved avlesing og kontroll av vassmålar slik det i dag går fram av gjeldande § 7 sjuande ledd. Systematisk vel vi også å plassere føresegna om gebyrtypar inn under dei innleiande føresegnene i forskrifta.

2.2.5. Forslaget i § 1-5 om gebyrsats

§ 1-5 om gebyrsats skal lyde:

Gebyrsatsane og storleiken på desse vert fastsatt av kommunestyret årleg, og vil gå fram av det til ein kvar tid gjeldande gebyrregulativet.

Gebyra vert fastsatt etter prinsippet om sjølvkost.

I dag er kompetansen for kommunestyret til å fastsette gebyrsats for tilknytingsgebyr regulert i § 5 fjerde ledd og tilsvarande for årsgebyr i § 6 femte ledd i gjeldande forskrift. Kompetansen kommunestyret har til å fastsette gebyrsatsane er generell. Av den grunn gir det betre systematikk og oversikt å la denne kompetansen komme til uttrykk tidleg i forskrifta under generelle føresegner. Føresegna i § 1-5 i forslag til ny forskrift skal gi uttrykk for dette. Elles er det foreslått at § 1-5 skal syne til prinsippet om sjølvkost som gjeld som ei ramme ved fastsetting av dei endelege gebyrsatsane. Dette samsvarar med overordna heimelsgrunnlag i forureiningsforskrifta § 16-1.

3.0. Tilknytingsgebyret

I forslag til ny forskrift legg vi opp til å samle alle reglane som har med tilknytingsgebyret inn i eit eige kapittel. I pkt. 3.1 under vil vi gå igjennom reglane for tilknytingsgebyret i gjeldande forskrift og knyte nokre kommentarar til desse. Deretter vil dei konkrete forslaga til dei nye reglane med merknadar til desse bli trekt fram i pkt. 3.2.

3.1. Gjeldande rett

3.1.1. Gebyrplikta og utforminga av gebyret

Eingongsgebyret for tilknytning går i dag fram av § 5 i gjeldande forskrift. Den syner i første ledd til at lov om kommunale vass- og avløpsgebyr krev at ein skal betale eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/ eller avløpsanlegg. Andre ledd seier at gebyrplikta trer inn når eksisterande bygning på eigedom blir tilknytt offentleg vass- og avløpsnett eller der det blir ført opp bygning på eigedom som blir tilknytt på same viset. Andre leddet i § 5 gir også uttrykk for korleis utforminga av tilknytingsgebyret skal vere. Med utforminga av gebyret blir det meint korleis det skal gebyrleggast når gebyrplikt har tredd inn. Forureiningsforskrifta § 16-2 seier at det for bustadeigedom skal bereknast gebyr for eigedomen under eitt eller separat for kvar bueining. Med bakgrunn i dette kan ein forstå det slik at gjeldand forskrift § 5 andre ledd syner til at tilknytingsgebyret skal falle på eigedomen under eitt so raskt ein bygning på eigedomen er tilknytt kommunalt vass- og avløpsanlegg.

Elles gir gjeldande forskrift uttrykk for at tilknytingsgebyret skal vere likt for alle, dersom ikkje kommunestyret for særskilde tilfelle har fastsette avvikande tilknytingsgebyr fordi tilknyttinga har kravd ekstra låge eller høge kostnadar, jf. tredje og siste ledd i § 5.

Når det gjeld gebyrplikta for tilknytingsgebyret har det i blant vore usikkerheit knytt til om gjeldande forskrift har gitt heimel til å krevje meir i tilknytingsgebyr der ein eksisterande bygning har vorte seksjonert utan bygningsmessige endringar? Kommunen kan i slike tilfelle ikkje krevje meir i tilknytingsgebyr, då tilknytingsgebyr er noko som skal betalast ein gang. Skal det kunne krevjast meir tilknytingsgebyr, må det tilførast meir bygningsmasse i form av tilbygg eller påbygg. Det er presisert i forureiningsforskrifta § 16-3 og komme til uttrykk i lagmannsrettsdom LB-2016-55716. Det fordrar nok også at lokal forskrift presiserar nærare når eit tillegg i tilknytingsgebyret kjem på tale. Her opplever vi at gjeldande forskrift kunne vore tydlegare.

Utforminga på gebyret i gjeldande forskrift har som nemnt vore at det skal betalast gebyr per eigedom. Eit spørsmål som dukkar opp er kva som er meint med «eigedom»? Er eit eige gards- og bruksnummer ein eigedom? Om eit gards- og bruksnummer har fleire spreidte teigar, vil kvar teig utgjere ein eigedom? Dersom ein firemannsbustad blir oppført og seksjonert ved ferdigstilling, vil kvar eigarseksjon vere ein eigedom? Vil ei festetomt vere å sjå på som ein eigedom? Forureiningsforskrifta § 16-2 syner til at det for eigedomar som skal nyttast til bustad, skal kommunale vass- og avløpsgebyr bereknast for heile eigedomen under eit eller separat for kvar bueining. Når forureiningsforskrifta § 16-2 nyttar ordlyden «heile eigedomen under eit» kan det tale i retning av at det er meint at ein skal gå etter gards- og bruksnummeret slik at det ikkje spelar nokon rolle om det er fleire teigar, eigarseksjonar eller festetomter. Dette er likevel ikkje gitt. Verken forureiningsforskrifta eller anna regelverk har nokon definisjon av kva som er meint med «eigedom». Omgrepet «tomt» blir også ofte nytta som synonymt med eigedom, dette talar for at festetomt er eigen eigedom. Festetomter vil også vere utstyr med eige gards- og bruksnummer. Eigarseksjonar får eige seksjonsnummer og grensane for seksjonane skal målast opp. Kvar seksjonseigar har som hovudregel eksklusiv bruksrett og disposisjonsrett over sin eigarseksjon, jf. eigarseksjonslova §§ 24 første ledd og 25 første ledd. Dette talar for at eigarseksjonar kan vere «eigedomar». Lokal forskrift kunne klargjort tilhøve ved å hatt ein eigen definisjon over kva som er meint med «eigedom» for å rydde tvilen av vegen. Ved høve har vi valt å tolke omgrepet eigedom i samanheng med definisjonen av «abonment» i forskrifta, då vi har meint at det bør vere ein samanheng med kva som skal betalast i gebyr sett i høve til kva abonnenten eig og har ansvar for. Vi ser likevel at dette ikkje er ei fullgod løysing.

Vi ser at det også kan vere andre utfordringar med å nytte «eigedom» ved utforming av tilknytingsgebyret. Om vi legg til grunn at eigarseksjon skal vere å sjå på som eigedom på lik linje med teig med eige gards- og bruksnummer, kan ein tenkje seg følgjande tilfelle: Tre firemannsbustadar blir plassert på kvar sin tomt.

1. Tilfelle nummer 1: Firemannsbustaden blir ført opp på tomta og det flyttar inn ein familie i kvar bueining. Her får man då eit tingsrettsleg sameige fordi fleire personar eig same hus og tomt til saman, jf. sameigelova § 1.
2. Tilfelle nummer 2: Firemannsbustaden blir ført opp på tomta. Firemannsbustaden med uteareal blir seksjonert i fire eigarseksjonar i samsvar med eigarseksjonslova.
3. Tilfelle nummer 3: Firemannsbustad nummer 3 blir ført opp på sin tomt. Denne firemannsbustaden blir organisert som burettslag.

Nyttar ein «eigedom» ved utfrominga av gebyret, er det berre i tilfelle nummer 2 ein vil kunne krevje 4 ganger tilknytingsgebyret og ikkje i tilfelle 1 og 3. Eit tingsrettsleg sameige er ikkje ein eigedom, men ein lø sare konstruksjon som fortel at fleire personar eig ein ideell del kvar i felles ting. Eit burettslag er heller ikkje ein eigedom, men eit samvirkeføretak som er særskilt regulert av burettslagslova, med andre ord ein juridisk person, jf. burettslagslova § 1-1. Det synast ikkje særleg rettferdig at det skal slå sopass forskjellig ut i dei tre tilfella når det er snakk om same type bygg og tomt. Ein kan også trekke fram ei anna vinkling for å skissere ubalansen. Samanliknar ein eigedomane med firemannsbustad på som er organisert som burettslag og tingsrettsleg sameige i pkt. 1 og 3 over, med ein eigedom med ein einebustad på, vil eigarar av kvar av desse eigedomane betale like mykje i tilknytingsgebyr (eit tilknytingsgebyr per eigedom). Synast det balansert at ein eigar av tomt med firemannsbustad på skal betale like mykje som eigar av ein tomt med einebustad på? Ein firemannsbustad er eit anna bygg enn ein einebustad, og det kan vere grunn til å tru at eigedomen med firemannsbustaden på har ei større belastning fordi det til dømes bur fire familier der kontra på ein eigedomen med ein einebustad.

Etter dette kan det kanskje synast meir høveleg å gå for at berekninga av gebyret skal skje for kvar «bueining» når det gjeld bustadeigedom og til dømes for kvar bygning når det kjem til anna eigedom enn bustadeigedom. Det kan synast at det er enklare å opnå eit meir rettferdig og balansert resultat. Kommunen kan ved sidan av dette vurdere å etablere ulike gebyrsatsar for ulike bustadkategoriar for å kunne balansere gebyrlegginga ytterlegare. Sjå forslag til ny føresegn om dette i pkt. 3.2.3 under og kommentarane til føresegna.

Det bør også vurderast om ei føresegn om utforminga av tilknytingsgebyret bør gå fram av eiga føresegn og ikkje i same føresegn som gebyrplikta, dette for å klarare skilje desse to tema frå kvarandre.

3.1.2. Særskilde gebyrsatsar for tilknytingsgebyret

Etter gjeldande forskrift § 5 siste ledd kan kommunen fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret når tilknytninga krev ekstra høge eller låge kostnader.

Føresegna i § 5 siste ledd må ein sjå i nær samanheng med overordna heimelsgrunnlag i forureiningsforskrifta § 16-5. Denne regulerer uttømmende når det kan fastsettast ulik gebyrsats for tilknytingsgebyret, jf. § 16-5 siste ledd. Første ledd i § 16-5 seier at det kan fastsettast lågare tilknytingsgebyr der utbyggar har vore med på å bygge ut kommunalt vass- og avløpsanlegg gjennom til dømes utbyggingsavtale, eller grunneigarar har betalt refusjon etter reglane i plan- og bygningslova kap. 18 i samband med at det har vore bygd ut kommunalt vass- og avløpsanlegg. Av andre ledd i § 16-5 følgjer det at det kan fastsettast ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret dersom eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette førar med seg vesentlege høgare eller lågare kostnader enn dei øvrige. Det er nok her meint at leveringa, driftinga og vedlikehaldet av det kommunale vass- og avløpsanlegget førar med seg vesentlege høgare eller lågare kostnader eit sted i kommunen enn eit anna sted. Til sist seier tredje ledd i § 16-5 at det kan fastsettast ulike gebyrsatsar for ulike bustadkategoriar når kostnadane ved å tene desse bustadkategoriane er forskjellige, til

dømmes ved at kostnadane ved leidningsnett til bustadblokkar er lågare per bueining enn det er for spreidde einebustadar.

Når § 5 siste ledd i gjeldande forskrift nyttar ordlyden «tilknytninga krev ekstra høge eller låge kostnadar», er det uklart korleis denne held seg til forureiningsforskrifta § 16-5. Ut ifrå det som vart gjort rede for over i høve til forureiningsforskrifta § 16-5, synast ikkje spørsmål å bli om tilknytninga har ført med seg ekstra høge eller låge kostnadar. Det er spørsmål om utbygger har vore med på å bygge ut kommunalt nett eller betalt refusjon, eller om kommunen har større eller lågare kostnadar med å levere vass- og avløpstenester til visse område i kommunen, eller om det for kommunen er forskjellige kostnadar med å tene ulike bustadkategoriar som gir moglegheit for å sette ulike gebyrsatsar. Slik § 5 siste ledd er formulert, kan det synast som at den trekker inn anleggskostnadar eigar av bygning har for å kunne gjennomføre tilknytingsplikt til kommunalt vass- og avløpsnett etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd. Slike kostnadar er det ikkje grunnlag for å trekke inn ved fastsetting av tilknytingsgebyret.

Skal ein føre vidare § 5 siste ledd i gjeldande forskrift bør ein vurdere å formulere om føresegna for å få den meir i samsvar med overordna heimelsgrunnlag. Det bør også vurderast om ein skal trekke ut føresegner om ulik gebyrsats for tilknytingsgebyret i eiga føresegn.

Det vil kunne vere praktisk å få inn ein eller fleire føresegner om ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret i ny forskrift for kommunale vass- og avløpsgebyr. Som synt til i pkt. 3.1.1 over kan det framstå som meir balansert om ein har ulike gebyrsatsar for forskjellige bustadkategoriar dersom ein vel at tilknytingsgebyret skal falle på kvar bueining. På Fjellsætra er det planar om å bygge ut offentleg avløpsanlegg og det er ikkje utenkjeleg at utbygging, drift og vedlikehald av dette kan gjere det rettferdig å ha ein annan gebyrsats for tilknytingsgebyret for dette området. Gjeldande forskrift gir ikkje tilstrekkeleg heimel for det, men det bør absolutt vurderast å få inn i ny forskrift.

3.1.3. Ansvar for tilknytingsgebyret

Kven som har ansvaret for å betale tilknytingsgebyret og når det blir fakturert og forfell går fram av gjeldande forskrift § 11 første ledd og andre ledd. Det er abonnenten som har ansvaret for å betale gebyr ovanfor kommunen. Abonnenten skal bli fakturert snarast etter at byggeløyvet er gitt eller når eksisterande bygg blir kopla til kommunale leidningar. Tilknytingsgebyret forfell til betaling seinast ved tilknytning. Kven som skal vere abonnent har i enkelte høve vore uklart på grunn av definisjonen i gjeldande forskrift § 3, sjå om dette i punkt 2.1 over.

I høve til fakturering og forfall av tilknytingsgebyr i § 11 andre ledd, kan ein vurdere å trekke ut forfall og fakturering og til dømes heller let det gå fram at tilknytingsgebyret skal vere betalt seinast ved tilknytning. Det er vanlig at ein kommune vil fakturere eit krav og at det i faktura vil gå fram ein forfallsdato, difor er det kanskje ikkje nødvendig å regulere dette i forskrifta. Forskrifta kan heller til dømes regulere ein absolutt siste frist for betaling av tilknytingsgebyret.

3.1.4. Særskild om mellombels tilknytning

I gjeldande forskrift § 9 andre ledd er mellombelse bygningar unnateken tilknytingsgebyr, men eigar eller festar må betale anleggskostnadane som går med til tilknytninga. Sjølve tilknytninga av mellombelse bygg til kommunalt vass- og avløpsnett krev at blir gjennomført av røyrløggjar, jf. sjettonde ledd. Første ledd i forskrifta gir ei tilsynsning på kva som skal reknast som ein mellombels tilknytning. Dette er tilknytning av arbeidsbrakkar og andre bygg av mellombels art med innlagt vatn og/eller er tilknytt kommunalt avløp, som berre skal brukast i ei avgrensa periode. Det er sett eit øvre tidsrom for mellombels tilknytning på opp til eit år, men med mogleg forlenging av kommunen. Det følgjar av § 9 femte ledd at kommunen ved mellombels tilknytning kan avtale pris på gebyret i enkeltstående tilfelle med basis i prisane frå gebyrregulativet.

Føresegna har gitt ei opprømsing på kva for type byggverk som utløyser mellombels tilknyting og samstundes sett eit tidsrom for kva som skal reknast som mellombels tilknyting. Her kan det som eit alternativ vurderast å regulere mellombels tilknyting berre etter tidsmomentet. Ein kan også knytte det opp mot plan- og bygningslova sine reglar om mellombelse tiltak for å oppnå ein større samanheng i regelverket. Ein får også eit enklare grensesnitt å handtere og ein kan enklare samordne saksbehandlinga om vass- og avløpsgebyr med byggesak i kommunen. Når det gjeld moglegheit for kommunen til å inngå avtalar om årsgebyr for mellombels tilknyting, må det følgje rammene som er gitt etter forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd. Desse rammene gjeld for årsgebyret uavhengig av om tilknytninga er varig eller mellombels. Vi er soleis av oppfatning at det ikkje er nødvendig å regulere mellombels tilknyting i eiga føresegn. Det som skal skilje mellombels tilknyting frå varig tilknyting er berre at abonnent er unnateken tilknytingsgebyr, elles gjeld alle dei andre reglane i forskrifta. Unnataket for tilknytingsgebyr for mellombels tilknyting, kan til dømes regulerast i føresegn om gebyrplikt for tilknytingsgebyr.

3.2. Forslaget til nye reglar om tilknytingsgebyret og merknadar til desse

3.2.1. Forslaget i § 2-1 om gebyrplikt

Føresegna § 2-1 skal lyde:

Eingongsgebyr for tilknyting skal betalast ved tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg ved følgjande høve:

- a) *Nybygg*
- b) *Tilleggsgebyr vert kravd for tilbygg eller påbygg som aukar bygningens areal:*
 - *for bustadeigedom når aukinga i arealet førar til auking i tal bueiningar, sjå § 1-3 bokstav g.*
 - *for anna eigedom når aukinga i bygningens bruksareal (BRA) er over 50 %.*
- c) *Eksisterande bygg som vert tilknytt eller som kommunen krev tilknytt.*
- d) *Eksisterande bygg med tilknyting som ikkje er godkjend.*
- e) *Anna permanent tilknyting til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.*

Eingongsgebyret for tilknyting vert ikkje betalt i følgjande tilfelle:

- a) *Bygg med mellombels tilknyting, sjå § 1-3 bokstav j)*
- b) *Særskild tilknyting av sprinkleranlegg.*

Denne føresegna skal regulere når det skal betalast tilknytingsgebyr. Tilfella er regulert i første ledd bokstavane a) til e). Føresegna vidareførar for det første at tilknytingsgebyr skal betalast ved oppføring av nybygg og der eksisterande bygg blir tilknytt eller kravd tilknytt til kommunalt vass- og

avløpsnett. Utkastet presiserar også at gebyrplikt trer inn der det har skjedd tilknytning som ikkje har vore godkjend av kommunen. Ei tilknytning som ikkje er godkjend av kommunen vil vere der det ikkje er søkt om byggeløyve og gitt løyve til tiltaket og det heller ikkje er søkt om sanitærabonnement før tilkopling skjer.

Det blir foreslått at det også skal gjelde ei gebyrplikt for permanent tilknytning av konstruksjonar og anlegg til kommunalt vass- og avløpsnett. Denne føresegna blir ny i høve til gjeldande forskrift.

Under punkt 3.1.1 over trakk vi fram at det har vore usikkerheit i kommunen når vi kunne krevje eit tillegg i tilknytingsgebyr. Spørsmålet har særleg meldt seg i tilfella der ein bygning som alt er kopla til kommunalt nett seinare blir seksjonert utan at det blir gjort bygningsmessige endringar. I utkastet § 2-1 første ledd boksta b) foreslår vi ei føresegn som skal klargjere tilhøvet. Tilleggsgebyr blir kravd ved påbygg eller tilbygg som aukar bygningens areal. For bustadeigedom må aukinga medføre auking i tal på bueiningar og for anna eigedom når aukinga av bygningens bruksareal (BRA) er over 50%.

Andre ledd bokstavane a) og b) i § 2-1 i utkastet, sett opp tilhøve der ein er unnateken tilknytingsgebyr. For det første vil det vere for bygg med mellombels tilknytning. Denne føresegna erstattar reglane om mellombels tilknytning i gjeldande forskrift § 9, sjå punkt 3.1.3 over. Vi gjer endring på kva som meinast med mellombels tilknytning. I utkastet til ny forskrift har vi valt å helde oss til same system som etter plan- og bygningslova. Dette fordi spørsmål om tilknytning til vass- og avløpsnett ofte skjer i samband med oppføring av konstruksjonar og byggverk som krev søknad etter plan- og bygningslova. Mellombelse tiltak er etter plan- og bygningslova rekna som tiltak som ikkje skal stå lengre enn to år. Systemet kjem til uttrykk via definisjonen av mellombels tilknytning i utkastet § 1-3 bokstav j). Skal ein konstruksjon, bygning eller anlegg som er knytt til kommunalt vass- og avløpsnett stå lengre enn to år blir det rekna som permanent, og etter utkastet blir ein då pliktig til å svar tilknytingsgebyr.

Andre ledd bokstav b) blir også ny i høve til gjeldande forskrift. Den frittek for tilknytingsgebyr ved særskild tilknytning av sprinkleranlegg. Eit sprinkleranlegg er ein del av brannberedskap i eit bygg.

3.2.2. Forslaget i § 2-2 om utforming av gebyret

Føresegna § 2-2 skal lyde:

For bustad og fritidsbustad skal eingongsgebyret for tilknytning for henholdsvis vassforsyning og avløp utgjøre et fast beløp pr. bueining. For andre bygg (til dømes næringsbygg) skal eingongsgebyret utgjere eit fast beløp pr. bygg.

For bygg som består av både bustad og annet type lokale, vert det betalt gebyr for kvar av delane etter reglane i 1. ledd.

Dersom bygget erstattar eit bygg som tidlegare har vore lovleg tilknytt, vert desse einingane trekt frå ved berekning av tilknytingsgebyret. Vilåret er at nytt igangsettingsløyve vert gjeve innan 5 år etter at bebyggelsen er fjerna eller fråkopla. Ved tilbygg eller påbygg vert det betalt gebyr for økt tal på einingar. At tal på einingar er lågare enn tidlegare, gir ikkje abonnenten grunnlag for krav på refusjon.

Føresegna skal regulere utforminga på gebyret. Med dette meinast korleis gebyret skal falle når gebyrplikt etter § 2-1 har slått inn. Føresegna tek sikte på å erstatte dagens ordning etter § 5 der det blir betalt gebyr per eigedom. Forureiningsforskrifta § 16-2 gir heimel for kommunen til å berekne gebyret til å falle på heile eigedomen under eitt eller separat for den enkelte bueining når det gjeld eigedomar nytta til bustad. I tråd med dette skal ny forskrift legge opp til at det blir betalt gebyr per bueining for bustadeigedom og fritidsbustad. Dersom ein einebustad har kjellarleilegheit, hybel,

generasjonsbustad el. skal likevel den totale bustaden reknast som ei buening, jf. utkastet § 1-3 bokstav g).

For andre typar av eigedom enn bustadeigedom har ikkje lov om kommunale vass- og avløpsanlegg eller forureiningsforskrifta særskilde berekningsegjar for tilknytingsgebyret. Vi tolkar det difor slik at kommunen kan stå noko friare her. I tråd med malen utarbeida av Norsk Vatn vel vi å let gebyret falle på kvart bygg når det dreier seg om andre typar eigedomar enn bustadeigedom.

Andre ledd i § 2-2 tek sikte på å regulere tilfella der ein står ovanfor bygg med til dømes kombinert næring og bustad. Då skal ein betale tilknytingsgebyr per eining som utgjer næring og per buening ved delen av bygget som nyttast til bustad.

Siste ledd i utkastet § 2-2 blir ny i høve til dagens forskrift. Den gir rett på å trekke frå tilknytingsgebyr ved oppføring av nytt bygg, dersom nytt bygg erstattar bygg som har vore loveleg tilknytt kommunalt vass- og avløpsnett. Vilkåret er at det er gitt igangsettingsløyve til nytt bygg innan 5 år frå det gamle bygget vart rive eller fråkopla. Blir det til dømes rive ned ein einebustad og ført opp ein firemannsbustad, skal ein betale tre tilknytingsgebyr fordi det tidlegare har vore betalt tilknytingsgebyr for einebustaden. Man har etter føresegna berre rett på fråtrekk i gebyrberekninga ikkje refusjon. Blir det til dømes rive ein firemannsbustad og ført opp ein tomannsbustad, har ikkje abonnenten krav på refusjon frå kommunen på 2 gonger tilknytinggebyret. Føresegna regulerar vidare at tilbygg eller påbygg til nytt oppført bygg utløyser krav om tilknytingsgebyr. Som døme har ein riving av einebustad og oppføring av tomannsbustad. Her blir det i første om gang berekna eit tilknytingsgebyr. Bygger ein seinare på eit tilbygg til tomannsbustaden som fører til ny buening, skal det reknast tilknytingsgebyr for tilbygget.

3.2.3. Forslaget i § 2-2a om ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret

Føresegna § 2-2a skal lyde:

Kommunestyret kan fastsette låg eller høg sats på tilknytingsgebyr for bustadar og fritidsbustadar (einebustadar, leilegheiter m v):

Låg sats:

- *Bustadar og fritidsbustadar i kommunalt og/eller privat byggefelt, som har betalt refusjon/ opparbeidingskostnadar for vatn og avløp i tomteprisen. Desse bygga betalar halvt tilknytingsgebyr.*

Høg sats:

- *Bustadar og fritidsbustadar utanom kommunalt/privat byggefelt og som ikkje har betalt refusjon/opparbeidingskostnadar for offentlig vass- og avløpsanlegg. Desse bygga betalar fullt tilknytingsgebyr.*

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret ved ulike bustadkategoriar, der det vil vere ulike kostnadar ved levering av vass- og avløpstenene til desse kategoriane.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret der eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette førar med seg vesentlege høgare eller lågare kostnadar enn dei øvrige.

Vi foreslår i utkastet § 2-2a ei føresegn som skal gi kommunen moglegheit for å operere med ulike gebyrsatsar for tilknytingsgebyret. Denne føresegna vil erstatte § 5 siste ledd i gjeldande forskrift, vi syner til kommentarane til denne i pkt. 3.1.2 over.

Første ledd i § 2-2a skal regulere moglegheita for å sette låg eller høg gebyrsats for tilknytingsgebyret avhengig av om abonnent tidlegare har vore med på å betale opparbeidingskostnadar/refusjon etter utarbeiding av kommunal vass- og/eller avløpsleidning eller ikkje etter kap. 18 i plan- og bygningslova. Føresegna i første ledd vil etter vår oppfatning også kunne heimle lågare sats på tilknytingsgebyret der abonnent også har betalt anleggbidrag ved utbyggingsavtale etter kap. 17 i plan- og bygningslova for utbygging av kommunal vass- og avløpsleidning. Verdt å merke seg er at regelen om lågare tilknytingsgebyr i desse tilfella, ikkje vil vere avhengig av kven som er refusjonskreditor eller kven som opparbeidar kommunal vass- og avløpsleidning. Om det er kommunen eller privat utbyggjar som bygger ut vass- og avløpsleidning og seinare krev refusjon frå dei byggeklare eigedomane etter kap. 18 i plan- og bygningslova, vil abonnentane (eigarar av dei byggeklare eigedomane) kunne ha rett på lågare tilknytingsgebyr.

I andre ledd i føresegna er det foreslått å få inn ein regel som gir kommunen rett til å sette ulik gebyrsats for tilknytingsgebyret, når det knytt seg ulike kostnadar ved å levere vass- og avløpstenester til ulike bustadkategoriar. Problemstillinga var så vidt trekt fram i pkt. 3.1.1 over. Vel ein i ny forskrift å gå for at utforminga av tilknytingsgebyret skal falle på kvar bueining, kan oppfatninga av kor rettferdig gebyret er vere negativ om gebyrsatsen er lik for ein einbustad og for kvar bueining i ein firemannsbustad. For å balansere dette, kan det såleis synast fornuftig å ha ein regel der ein har moglegheit for å sette ulik gebyrsats for tilknytingsgebyret avhengig av bustadkategori.

Siste ledd i § 2-2a skal gi kommunen moglegheit til å sette ulike gebyrsatsar for tilknytningsebyret, der det er knytt høgare eller lågare kostnad ved eit kommunalt vass- og avløpsanlegg eller større eining av dette i kommunen enn for det øvrige anlegget. Tanken med å opne opp for denne moglegheita er der det blir aktuelt å bygge ut kommunalt avløp på Fjellsætra. Det er ikkje utenkjeleg at det kan knyte seg andre kostnadar ved eit slikt avløpsanlegg enn det vil vere elles i kommunen.

3.2.4. Forslaget i § 2-3 om ansvar og betalingsfrist for tilknytingsgebyret

Føresegna § 2-3 skal lyde:

Abonnenten har ansvaret for betaling av eingongsgebyret for tilknytning. Gebyret skal vere betalt når tilknytning vert gjennomført.

Gebyrsatsane skal vere det som var gjeldande gebyrsats då komplett byggesøknad eller søknad om tilknytning vart motteken av kommunen.

Ved pålegg om tilknytning til kommunalt vatn- og/eller avløp etter plan- og bygningslova, er gebyrsatsane det som er gjeldande når pålegget vert gjeve.

For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, vert det betalt tilknytingsgebyr etter gjeldande sats på det tidspunktet kravet vart framsett.

Denne føresegna førar vidare § 11 første ledd at det er abonnenten som har ansvaret for tilknytingsgebyret. Kven som skal reknast som abonnent er det likevel gjort ei endring på i ny forskrift. Dette er definert slik i utkastet § 1-3 bokstav d):

«Eigar av eigedom som er tilknytt kommunens vassforsynings- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. Festar av eigedom skal stå som abonnent når gjenståande festetid da gebyrplikten

inntrådte var 30 år eller meir, eller fester har rett til å få festeavtalen forlenga slik at samla festetid frå gebyrplikten tredde inn vil kunne bli 30 år eller meir.»

Med denne definisjonen av abonnent er det nødvendig med ein eigen definisjon på eigedom. Dette går fram slik i utkastet § 1-3 bokstav e):

«Fast eigendom registrert som sjølvstendig eining i Matrikkelen. Seksjon etablert i henhold til lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.»

Dette vil mellom anna bety at dersom eit bustad eller bygning blir leigd ut er det eigar, forstått som utleigar i leieavtalen, som vil vere ansvarleg ovenfor kommunen for gebyra. Om leigetakar skal bere gebyra får utleigar og leigetakar bli samd om dette i leigeavtalen. Dersom vass- og avløpsgebyra knyt seg til eit burettslag, vil det vere burettslaget som juridisk person som er ansvarleg for gebyra. Eit burettslag er eit samvirkeføretak som er stifta som burettslag, jf. *Lov av 6 juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova)* § 1-1. Eit samvirkeføretak er å rekne som eit sjølvstendig rettssubjekt som kan inneha ansvar, rettar og plikter. Dette følgjer av ansvarsavgrensinga i *Lov av 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeføretak (samvirkelova)* § 3 første ledd og er gjennteken i burettslagslova § 1-2 første ledd. Den som bur i eit burettslag er å rekne som andelseigar i burettslaget og får dermed ein burett til ein bustad i laget, jf. burettslagslova § 5-1. Dette medfører at det er burettslaget som føretak som faktisk eig eigedomen og ikkje kvar einskild andelseigar. Vass- og avløpsgebyra knytt til bueingene er difor som sagt noko burettslaget som føretak utad er ansvarlege for ovenfor kommunen, men som innad i burettslaget må reknast som felleskostnadar som må fordelast mellom andelseigarane, jf. burettslagslova § 5-19. Dersom ein eigedom er sekjonert i samsvar med *Lov av 16 juni 2017 nr. 65 om eierseksjoner (eigarseksjonslova)*, legg utkastet opp til at det er eigar av eigarseksjonen som er ansvarleg for vass- og avløpsgebyra ovanfor kommunen.

Dersom ein eigedom ikkje er organisert som eigarseksjon eller eit burettslag, men det er fleire eigarar til same eigedomen, må dette vere å sjå på som eit tingsrettsleg sameige som er regulert etter *Lov av 18 juni 1965 nr. 6 om sameige (sameigelova)*. Eit slikt sameige er i utgangspunktet ikkje å rekne som eit sjølvstendig rettssubjekt. Det betyr at eit tingsrettsleg sameige ikkje kan inneha rettar eller pådra seg ansvar eller plikter. Sameigelova regulerer berre tilhøvet mellom sameigarane. Utad vil difor kvart einskilt medlem vere solidarisk ansvarleg for vass- og avløpsgebyra ovanfor kommunen.

Føresegna vidarefører ikkje gjeldande § 11 andre ledd om når faktura for tilknytingsgebyr skal vere sendt. I staden for blir det kravd at tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning skjer. Andre, tredje og fjerde ledd i utkastet er nye i høve til gjeldande forskrift. Dei syner til kva for gebyrsatsar abonnenten skal betale etter dersom det skulle oppstå eit skjeringsstidspunkt som kan så tvil om kva for sats som gjeld. Kommunestyret vedtek kvart år nye gebyrsatsar. Vi kan ta som døme der ein søkar om oppføring av ein bustad 2019 og får byggeløyvet og førar opp bustaden 2020, då kan det oppstå spørsmål om ein skal gebyrleggast for gebyrsatsane 2019 eller 2020? Andre ledd i utkastet § 2-3 seier då at gebyrsatsen skal vere gjeldande sats på det tidspunktet komplett byggesøknad vart motteken av kommunen. Kan det fastsettast at komplett byggesøknad låg føre 2019, skal enn da gebyrleggast etter satsane for 2019 sjølv om byggeløyvet vart gitt og tilknytninga til kommunalt vass- og avløpsnett vart utført i 2020.

4.0. Årsgebyret

På same måte som med reglane for tilknytingsgebyret, vil vi for reglane om årsgebyret samle dei inn i eit eige kapittel. Pkt. 4.1 vil trekke fram reglane etter gjeldande forskrift med kommentarar til desse. I pkt. 4.2 blir forslag til nye føresegner presentert med merknadar til desse.

4.1. Gjeldande rett

4.1.1. Gebyrplikt og utforminga på gebyret

Gebyrplikta for årsgebyret går i dag fram av gjeldande forskrift § 6 fjerde ledd. Denne seier at årsgebyra skal reknast frå og med månaden etter at eigedomen er knytt til det kommunale leidningsnettet.

Når regelen om gebyrplikt er formulert på denne måten gir den uttrykk for at abonnentane får ein månad med gratis forbruk av vatn- og avløpstenesta etter tilknytning til det kommunale vass- og avløpsnettet har skjedd. Dette synast unaturleg og det er usikkert om kommunen eigentleg har meint det slik. Det hadde vore meir høveleg å sagt at gebyrplikt for årsgebyr inntreer ved tilknytning. Ein regel om gebyrplikt synast kanskje også burde seie noko i dei tilfelle der det blir installert vassmålar og der tilknytning til kommunalt nett ikkje har vore godkjent av kommunen. På same måte kunne den gitt uttrykk for at gebyrplikt også gjeld der bustad eller bygning til abonnent er kopla frå leidningsnett, men kommunen ikkje har godkjent fråkoplinga. Tilhøvet kan oppstå ved spørsmål om ved fritak frå kommunale vass- og avløpsgebyr.

Første og fjerde ledd i § 6 i gjeldande forskrift gir også uttrykk for utforminga av årsgebyret. Årsgebyret skal vere delt i to der abonnementsgebyret skal utgjere den faste delen og forbruksgebyret skal utgjere den variable delen. Av fjerde ledd går det fram at årsgebyret skal falle på «eigedomen». Årsgebyret har såleis same utforming som tilknytingsgebyret med dei utfordringar som det fører med seg. Vi syner til kommentarane kring «eigedom» i pkt. 3.1.1 ovanfor.

Ved redigering av forskrifta vil kommunen vurdere å få inn ei føresegn som gir rett for kommunestyret til å fastsette eigne gebyrsatsar for årsgebyret for bustadkategoriar der det er ulik kostnad ved levering av vass- og avløpstenesten eller der eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette førar med seg vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei øvrige. Det overordna heimelsgrunnlaget for dette er forureiningsforskrifta § 16-5 andre og tredje ledd. Å få inn ei slik føresegn kan vere praktisk. I kommunen er det planlar i første omgang å få etablert eit kommunalt avløpsanlegg på Fjellsætra for å få betre oversikt over avløpssituasjonen i takt med at det skjer mykje utbygging av fritidsbustadar. Med tanke på plassering og utbygging er det ikkje usannsynleg at dette kan pådra andre kostnader. Det kan difor bli relevant å kunne krevje ein annan gebyrsats for abonnementsgebyret i dette området av Sykkylven kommune.

4.1.2. Berekning av årsgebyret – utgangspunktet for berekning av forbruksgebyret

Det følgjer av gjeldande forskrift § 6 niande ledd at utgangspunktet for variabel del av årsgebyret (forbruksgebyret), skal vere at avløpsmengda blir rekna lik vassmengda. Dette svarar til prinsippet om at vatn inn er lik vatn ut. Dei nærare målereglane for å fastsette innhaldet i dette prinsippet er gitt i gjeldnde forskrift § 6 sjuande og åttande ledd.

Under dette punktet vil vi vidare gjere noko nærare greie for utgangspunktet for berekningsreglane for årsgebyra etter forureiningsforskrifta § 16-4. Etter føresegna er det grunn til å trekke eit skilje mellom bustadeigedom og annan type eigedom, som til dømes næringsverksemd. I pkt. 4.1.3 under vil vi gjere nærare greie for målereglane i kommunen. I den samanheng meiner vi det er viktig å sjå skilje på type eigedom.

4.1.2.1. Bustadeigedom

Bustadeigedom i dette avsnittet skal også bli forstått eigedom med fritidsbustadar, vi syner her til Miljødirektoratet sin rettleiar til kap. 16 i forureiningsforskrifta. Føresegna i forureiningsforskrifta § 16-4 første ledd fastsett at årsgebyret skal reknast på grunnlag av vassforbruket eine og aleine, eller

ein todelt ordning med ein fast del og variabel del. Vassforbruket skal anten fastsettast på bakgrunn av målt eller stippulert bruk. Der vassmålar ikkje er installert i eigedomen, skal vassforbruket stippulerast på grunnlag av storleiken av bebyggelsen. Det kan takast omsyn til arten av bebyggelsen, bruken som blir gjort av den og storleiken og beskaftenheita på eigedomen. Det går fram av føresegna at det stippulerte forbruket i størst mogleg grad skal tilsvare det reelle forbruket.

Når ordlyden i føresegna seier at det kan takast omsyn til bruken av eigedomen ved fastsetting av stippulert forbruk, er det meint varig bruk, slik at mellombels ikkje-bruk vil ikkje vere relevant å trekke inn. Det kan vere relevant å trekke inn om eigedomen er meint til fritidsbruk eller om eigedomen av andre grunnar har lavt vassforbruk, om ein eigedom har eit stort areal i høve til vassforbruket og avløpsmengde, eller som har tomt som førar med seg stort vassforbruk kan vere relevant. Ved stippuleringa av vassforbruket vil det ikkje vere relevant å trekke inn moment som privatøkonomien til den gebyrpliktige, tal på personar eller våtrom i huset. Forureiningsforskrifta § 16-4 gir heller ikkje heimel til å sette varierende pris per m³ med vatn, den skal vere konstant, sjå Miljødirektoratet sin rettleiar til føresegna.

4.1.2.2. Annan type eigedom, næringsverksemd m.m

Av forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd følger det at vassforbruket til eigedom som ikkje blir nytta til bustad, skal vere basert på målt forbruk. Der det ikkje er installert vassmålar til slik eigedom kan det som alternativ «fastsettes særlege regler for gebyrberekning» eller «inngås særlege avtaler». Vår oppfatning er at denne avgrensinga berre gjeld i høve til den variable delen av årsgebyret ved todelt løysing, jf. ordlyden «eventuelt den variable delen av årsgebyret» i føresegna.

Dersom det blir fastsett særlege regler for berekning eller inngått særlege avtalar, skal ikkje berekningsmåten normalt føre med seg at det blir lågare gebyr enn det som følgjer av den ordinære forskrifta til kommunen.

Etter dette kan det bety at ein kommune ikkje kan følgje same system med stippulering for vassforbruket for annan type eigedom som ein gjer med bustadeigedom. Spørsmålet blir kva som ligg i «særlege regler for gebyrberekning» og «særlege avtalar»? Spørsmålet må nok også sjåast i samanheng med moglegheit for å berekne årsgebyret annleis for annan type eigedom der det er avvik i vassmengde og avløpsmengde.

4.1.3. **Nærare om målereglane i kommunen**

Gjeldande forskrift § 6 sjuande ledd syner til at abonnentane betalar etter faktisk vassforbruk. Ein skal betale anten etter målt forbruk eller stipulert forbruk. Stipulert forbruk skjer ved utrekning av areal, innplassering i arealtrinn og pris pr. m³. For eigedomar med bustad blir det nytta berekna areal medan det for andre eigedomar blir nytta bruksareal. Omrekningsfaktoren for stipulert forbruk er gitt i gebyrregulativet og er sett til spesifikt forbruk på 1,30 m³ med vatn per m² for alle bygg uavhengig av kategori. Arealtrinna inngår i eigen tabell i gebyrregulativet:

Areal	Grunnlag for betaling
0-75	75
76-150	150
151-300	301
301-500	500

Abonnet med bygg som er større enn maksimalt angitt areal i tabell over (500 m²) og nye bygg skal betale etter målt forbruk, jf. § 6 åttande ledd. Det betyr at i dei tilhøva skal installerast vassmålar. Med nye bygg må det ha vore meint nye bygg som har komme til etter at forskrifta vart kunngjort

(15.12.2011). Gebyrregulativet har ein avvikande regel til gjennomføringsforskrifta når det kjem til krav om vassmålar den seier at alle bygningar med større bruksareal og berekna areal enn 150 m² skal ha installert vassmålar. Her ser vi at regulativet og gjennomføringsforskrifta kunne vore betre samordna. Ideelt sett burde ein heldt ute frå gebyrregulativet reglane om plikt til vassmålar og let dei berre komme fram av reglane i gjennomføringsforskrifta. Elles syner vi også til pkt. 4.1.2 ovanfor, der vi gjorde greie for at overordna heimelsgrunnlag sett som hovudregel at vassforbruket skal vere målt for anna eigedom enn bustadeigedom, jf. forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd.

Vi har så vidt vore inne på om det er i samsvar med overordna heimelsgrunnlag å nytte tilsvarende like reglar for stippulering av vassforbruk for bustadeigedomar også for andre typar eigedomar? Som det fremkommer over er det berre korleis enn bereknar arealet på eigedomane som skiljar - bruksareal for andre eigedomar og berekna areal for bustadeigedomar. Elles er omrekningsfaktor og arealtrinn det same. Er dette tilstrekkelig til å vere i samsvar med overordna heimelsgrunnlag når det kjem til ordinæra fastsetting (vatn inn = vatn ut) av forbruksgebyret? Vi ber gjerne om synspunkt om dette i høyringa.

Eit anna tilhøve som kan vurderast er om det for fritidsbustadar i kommunen bør leggast til grunn eit litt anna berekningsgrunnlag for forbruksgebyret. Ein har spesielt fritidsbustadar på Fjellsætra i tankan. Etter arealdelplanen for areala kring Nysætervatnet vil fritidsbustadar vere tilknytingspliktige til kommunalt vass- og avløpsanlegg sjå pkt. 3.6 i planen, jf. plan- og bygningslova § 30-6. På Fjellsætra vil det først og fremst vere aktuelt å bygge ut kommunalt avløpsanlegg, slik at vassforsyning i utgangspunktet vil vere privat. Det kan skape utfordringar med å få målt avløpet med vassmålar. Såleis vil stippulering av avløpet fort kunne vere relevant. Som det vart gjort greie for i pkt. 4.1.2, vil bruken av eigedom vere eit omsyn som kan komme inne ved stippulering av forbruket, til dømes om den blir nytta til fritidsbustad. Det kan vere grunn til å tru at forbruket av vatn og avløp vil vere mindre for fritidsbustadar enn for bustadar generelt. Slik måleregane for stipulert forbruk er formulert i dag, tek dei ikkje omsyn til dette tilhøvet. Kanskje ein kunne fått til dette ved å til dømes operere med ein annan omrekningsfaktor for fritidsbustadar.

4.1.4. Berekning av årsgebyret – avvik i vassmengde og avløpsmengde

Etter gjeldande forskrift § 8 første ledd kan kommunen basere forbruksgebyra for avløp på målt eller stippulert/utrekna avløpsmengde dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket. Denne regelen utgjør eit unntak til gjeldande forskrift § 6 niande ledd om at avløpsmengde blir rekna lik vassmengde.

Fføresegna er eit utslag av forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd. Som vi var inne på over i pkt. 4.1.2 i høve til berekningsreglar for anna eigedom enn bustad, vil hovudregelen vere at forbruket skal vere målt. Alternativt kan det etablerast særlege reglar eller bli inngått særlege avtalar om berekning. Dei stippulerte reglane som § 8 første ledd i gjeldande forskrift syner til er omtrent tilsvarende like som dei stippulerte reglane kommunen nyttar ved bustadeigedom, sjå nærare om dette i pkt. 4.1.3 over. Forureiningsforskrifta nyttar omgrepet «særlege reglar» i § 16-4 fjerde ledd, då kan det vere naturleg å forstå det slik at det må vere noko anna enn dei reglane som gjeld for forbruksgebyr for bustadeigedom, jf. forureiningsforskrifta § 16-4 første ledd. Tilhøvet etter gjeldande forskrift § 8 første ledd er også å fråvike ein normal situasjon (vatn inn = vatn ut), dette talar ytterlegare for at ein ikkje kan syne til tilsvarende like reglar for stippulering av forbruket som for bustadeigedomar.

I rettleiaren til føresegna som Miljødirektoratet har utarbeidd, synast det å bli lagt til grunn at fråvik frå normalsituasjonen synast best løyst ved å inngå avtale. Kommunen har i slike tilfelle gjort det. Det er viktig å preisere at løysinga for anna berekning ved avvik på mengde avløp i høve til vassforbruket, berre er mogleg for anna eigedom enn bustadeigedom. Dette kunne § 8 første ledd i gjeldande

forskrift vore klarare på. Situasjonar der dette kan komme på tale vil til dømes vere verksemdar, gartneri og gardsbruk der avløpsmengden kan avvike vesentleg frå vassforbruket. For enkelte veksemdar kan det vere at mykje av vatnet går inn i verksemda sine produkt slik at lite vatn går i avløpet. Dersom det frå annan eigedom enn bustadeigedom blir tilført overvatn ned i avløpet, kan det også reknast økt avløpsmengde enn vassforbruket.

4.1.5. Berekning av årsgebyret – avvik i innhald i avløpsvatn

Gjeldande forskrift § 8 andre ledd syner til at kommunen kan rekne ut eit påslag eller frådrag i årsgebyret der avløpsvatnet frå næringsverksemd eller offentleg verksemd er svært ulikt det ein finn i vanleg hushald, slik at det virker fordyrande eller besparande på drifta av anlegget. Til forskjell frå første ledd i § 8 knytt andre ledd seg til sjølve innhaldet i avløpsvatnet og ikkje mengda som avviker i høve til vassforbruket.

Det overordna heimelsgrunnlaget for denne føresegna er forureiningsforskrifta § 16-5 fjerde ledd. Denne gir kommunen moglegheit for å sette eigen gebyrsats for avløpsvatn som forureiningsmessig avviker frå vanleg kommunalt avløpsvatn. Kommunalt avløpsvatn er etter forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav b) meint som:

«Sanitært avløpsvann og avløpsvann som består av en blanding av sanitært avløpsvann og industrielt avløpsvann og/eller overvann. Dersom mengden sanitært avløpsvann ikke overstiger 2000 pe og sanitært avløpsvann samtidig utgjør mindre enn 5% av avløpsvannet, regnes avløpsvannet ikke som kommunalt avløpsvann.»

Sanitært avløpsvatn er etter forureiningsforskrifta § 11-3 boksta c) meint som:

«Avløpsvann som i hovedsak skriver seg fra menneskers stoffskifte og fra husholdningsaktiviteter, herunder avløpsvann fra vannklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller lignende.»

Såleis vil moglegheita for å sette eigen gebyrsats etter forureiningsforskrifta § 16-5 fjerde ledd på grunn av forureiningsmessig avvik i avløpsvatnet først og fremst knyte seg til avløpsvatn frå verksemd eller eigedom som ikkje blir nytta til bustad. Samstundes er ikkje forureiningsforskrifta § 16-5 formulert slik at den utelukkar eigedomar med bustadar heilt. Det er det forureiningsmessige avviket i avløpsvatnet som er det sentrale ikkje kva for type eigedom avløpsvatnet kjem i frå. Skal ein i ny forskrift vidareføre gjeldande forskrift § 8 andre ledd, bør ein vurdere å trekke ut omgrepa «næringsverksemd» og «offentleg verksemd» då det ikkje synast heilt rett å avgrense føresegna med desse omgrepa. Eksemplar på område der ein kunne fastsett avvikande gebyr vil vere restaurantar der avløpsvatnet innhald kverna kjøtt og større mengder av matfett eller bensinstasjonar og verkstader med større andel av oljehaldig avløpsvatn.

Kommunen har praktisert inngåing av avtale i dei tilfella avløpsvatn fråviker frå kommunalt avløpsvatn. Dette synast å ikkje vere heilt i samsvar med forureiningsforskrifta § 16-5 fjerde ledd som legg til grunn at det må etablerast ein eigen gebyrsats. Ein kunne i slike tilfelle vurdere å sette eit påslag eller avslag på nokre prosent på abonnementsgebyra der ein har situasjonar med innhaldsmessig avvik på avløpsvatnet. Bakgrunnen for å kunne gi slike satsar er at det skal gjennspeile ressursane kommunen brukar for å behandle slikt avløpsvatn. Det synast også riktig at den som forureinar meir betalar meir, mens den som forureinar mindre betalar mindre, jf. prinsippet om at forureinaren betalar.

4.1.6. Berekning av årsgebyr – årsgebyr for ubebygd eigedom

Etter vass- og avløpsanleggslova § 3 første ledd, har ein kommune rett til å ta årsgebyr for eigedom som ikkje er bebygd om det er lagt til rette for vass- og avløpsleidningar slik at bygningar hadde vore tilknytingspliktige om eigedomen var bebygd. Det vil likevel ikkje gjelde om det etter lov eller vedtak fatta av offentleg mynde er sett forbod mot å bygge på eigedomen so lenge forbodet gjeld. Tilsvarande vil gjelde om byggehindringa er av ein annan særleg grunn som eigaren ikkje har ansvaret for.

Forureiningsforskrifta § 16-4 siste ledd seier at kommunen kan ftssette særlege reglar eller inngå særlege avtalar når det gjeld årsgebyr for ubebygde eigedomar. Etter rettleiaren til Miljødirektoratet har kommunen denne moglegheita for få dekkja drifts- og kapitalkostnadar ved å bygge og oppretthalde eit tilfredsstillande vassforsynings- og avløpssystem.

Etter gjeldande forskrift om kommunale vass- og avløpsgebyr har ikkje kommunen ein slik regel. Dette er ei moglegheit kommunen har og det kan vurderast å sette inn ein slik regel i ny forskrift.

4.1.7. Ansvar for årsgebyret

Paragraf 11 i gjeldande forskrift regulerer på same måte som for tilknytingsgebyret at abonnenten har ansvaret for årsgebyret, jf. første ledd i føresegna. Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir kravd inn i samsvar med gebyrregulativet, jf. tredje ledd. Formuleringa i forskrifta er svært generell, men det er nok meint pkt. 5 i gebyrregulativet meir spesifikt. Denne seier at abonnementsgebyra og forbruksgebyra blir kravd inn på felles faktura og fordelt over to terminar per år.

Oppfatninga vår er at informasjon om fakturering som står i gebyrregulativet kunne vore trekt inn i gjennomføringsforskrifta. Her kunne ein til dømes nytta formuleringa «årsgebyret for vatn og avløp blir fakturert kvart år fordelt på to terminar.» Eit anna tilhøve er at det ikkje er heldig å blande omgrepa fakturering og innkrevjing. Rettsleg sett er dette to forskjellige ting. Ved fakturering gjer kommunen gjeldande eit krav ovanfor abonnent med oppmodning til denne etter eiga vilje å gjere opp innan forfallsdato. Innkrevjing kjem på tale dersom abonnent ikkje gjer opp av eiga vilje. Eit forfalt krav kan kommunen då tvangsinnrive etter reglane i skattebetalingslova, jf. § 6 i vass- og avløpsanleggslova. Resultatet kan til dømes innebere tvangssal av eigedom for å få dekt uteståande krav hos abonnenten. For å få fram skilje synast det betre å snakke om fakturering under ei føresegn om ansvaret for gebyret og let omgrepet innkrevjing komme til uttrykk i eiga føresegn som tilviser til reglane om tvangsinndriving.

Etter § 11 femte ledd går det fram at for eigedomar som har vassmålar skal det betalast à konto basert på fjoråret sitt forbruk, og i sjetle ledd er det sagt at à konto summen kan endrast dersom vassforbruket har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing. Ved slik endring skal abonnent varslast. Spørsmålet er kva for sjølvstendig betyding femte og sjetle ledd i § 11 i gjeldande forskrift har? Den variable delen av årsgebyret skal gjennspeile det faktisk forbruket til abonnenten, dette følgjer også forutsetningvis av forureiningsforskrifta § 16-4 første ledd. Det spelar heller ingen rolle om vassforbruket har auka vesentleg, framleis skal faktisk forbruk betalast. Det er også uklart kva gjeldande forskrift har meint når det er synt til at abonnent skal varslast når à konto sum endrast på grunn av at vassforbruket har auka vesentleg. Abonnenten bør vel sjølv ha ein viss oversikt kva forbruk denne har til ein kvar tid og at kostnadane vil auke når vassforbruket aukar. Av den grunn kan det vere grunn til å teke ut dette ved innføring av ny forskrift, då det ikkje kan sjå ut til at det har noko sjølvstendig betyding.

4.2. Forslag til nye føresegner om årsgebyret og merknadar til desse

4.2.1. Forslaget i § 3-1 om gebyrplikt og ikrafttreding

§ 3-1 skal lyde:

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- a) er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg anten permanent eller mellombels.*
- b) er pålagt tilknytning i medhald av lov og fristen for tilknytning er løpt ut.*

Gebyrplikta trer inn:

- når vassmålar er eller skal vere installert, jf. § 4-1 tredje ledd*
- Ved tilknytning der kommunen har godkjent eller kravd at årsgebyret vert målt etter stipulert forbruk, jf. § 3-7.*

Vassforbruk til sprinkleranlegg er ikkje gebyrpliktig.

Forslaget i § 3-1 skal regulere når gebyrplikt for årsgebyr trer inn. Første ledd bokstavane a) og b) i føresegna gir i starten ei tilvisning for når det skal betalast årsgebyr. Dette leddet sett berre opp ein generell betalingsplikt og er ei tilvisning til vass- og avløpsanleggslova § 3. Betalingsplikt vil etter forslaget inntre der eigedom er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg anten permanent eller mellombels, og der ein er pålagt tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg og fristen for tilknytninga er utløpt. Den faktiske gebyrplikta er regulert i andre ledd første og annet strekpunkt. Andre ledd sett eit grensesnitt for faktisk tilknytning. Første og andre ledd i føresegna må difor sjåast i nær samanheng. Poenget med å sette ei betalingsplikt i første ledd er å få fram at det skal betalast gebyr berre ved tilknytning til kommunalt vass- og avløpsnett. Hadde ein berre regulert tilknytningsplikta slik det er etter andre ledd, kunne det til dømes mislede til å tru at ein skulle betale årsgebyr til kommunen ved installering av vassmålar ved tilknytning til private anlegg, det blir ikkje rett.

Ein anna grunn til at ein må sjå første og andre ledd i samanheng er spesielt i høve til bokstav b) i første ledd. Etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd er ein bygning på eigedom pliktig å knyte seg til kommunalt vass- og avløpsanlegg når leidning går i tilstøytande veg, over eigedomen til bygninga eller over nærliggande areal til bygninga. Plikta bør initierast av kommunen til dømes ved at det sendast ut eit informasjonsbrev og i etterkant eit førehandsvarsel, der ein varslar om mogleg vedtak med pålegg om å etterleve lovfastsett tilknytningsplikt om det ikkje blir gjort innan ein gitt frist, jf. plan- og bygningslova § 32-3, jf. § 32-2. Dersom fristen til å knyte seg til ikkje blir etterlevd av eiga vilje, må kommunen følgje opp med pålegg om etterleving (retting) etter plan- og bygningslova § 32-3. I pålegget må det også settast ein frist for eigar av bygninga til å etterkomme pålegget. Dersom dette ikkje gjerast innan fristen, kan ikkje kommunen krevje årsgebyr frå utløpet av fristen fordi det ikkje ligg føre ei faktisk tilknytning enda og heller ingen faktisk bruk av kommunalt vatn og avløp. Nyttar ein årsgebyret på denne måten berer årsgebyret preg av å vere ei tvangsmulkt, dette synast ikkje kommunen å ha lovheimel til. Omsyna bak årsgebyret er å få dekkja kostnadar med levering av vass- og avløpsstenester, ikkje som eit middel til å tvangsgjennomføre ei lovpålagt tilknytningsplikt. Skal ein tvangsgjennomføre ei lovpålagt tilknytningsplikt ved tvangsmulkt, finnst det eigne reglar for det i plan- og bygningslova. Det må då fattast eit vedtak med heimel i plan- og bygningslova § 32-5 og det må skje på bakgrunn av eit forutgåande førehandsvarsel, jf. plan- og bygningslova § 32-2.

Utkastet § 3-1 andre ledd første og andre strek punkt sett soleis krav om faktisk tilknytning før gebyrplikt for årsgebyr trer inn. Det er anten då vassmålar er eller skal vere installert. Når det skal vere installert vassmålar er nærare regulert i § 4-1 tredje ledd i utkastet. Der vassmålar ikkje er installert og det skulle vore det, må variabel del av årsgebyret baserast på stipulert bruk. Gebyrplikt trer inn ved tilknytninga. Til sist skal gebyrplikt tre inn der det er skjedd ei tilknytning og kommunen har godkjent eller kravd at årsgebyret skal baserast på stipulert bruk.

Vassforbruk til sprinkleranlegg i bygningar skal etter siste ledd ikkje vere gebyrpliktig.

Utkastet § 3-1 erstattar gjeldande forskrift § 6 fjerde ledd.

4.2.2. Forslaget i § 3-2 om eigedom utan godkjend tilknyting eller fråkopling

§ 3-2 skal lyde:

Er tilknyting ikkje godkjend av kommunen, skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunkt tilknytinga er gjennomført. Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, vert gebyret stipulert. Slik berekning inneberer ikkje at kommunen har godkjend tilknytinga.

Er fråkopling ikkje godkjend av kommunen, skal abonnenten betale gebyr inntil fråkoplinga er godkjend, sjå § 5-3.

Føresegna i utkastet § 3-2 skal regulere tilhøve der tilknyting til kommunal vass- og avløpsanlegg ikkje er godkjent og utfyllar såleis forslaget i § 3-1. Abonnenten skal i slike tilhøve betale gebyr frå tidspunktet tilknytinga vart gjennomført. Om kommunen ikkje har anna berekningsgrunnlag er det foreslått at årsgebyret blir stipulert. Slik berekning skal ikkje innebere at kommunen har godkjent tilknytinga.

Med tilknyting som ikkje er godkjent er det meint der tilknyting har skjedd utan at det er gitt løyve til det etter plan- og bygningslova. Slike anleggstiltak vil vere søknadpliktige etter plan- og bygningslova § 20-1 første ledd bokstav a), jf. § 20-2. Tilknyting som ikkje er godkjent er også der det ikkje blir søkt om sanitærabonnement før tilknyting skjer. Gjennom behandling av søknad om sanitærabonnement blir det gitt ein privatrettsleg rett av kommunen som anleggseigar til å knyte seg til leidningsnette. Ved slik søknad vil ein få nærare tilvising til korleis tilknytinga skal skje. Standard abonnementsvilkår tekniske føresegner har også ein del reglar om korleis tilknyting med privat stikkledning til offentleg leidningsnett skal skje. Eit tredje tilfelle av ikkje godkjent tilknyting vil vere der det skulle vore installert vassmålar, men det ikkje har vorte gjort.

Vi har i siste ledd også foreslått ei føresegn som seier at ein er gebyrpliktig også der det skjer ei fråkopling frå kommunalt vass- og avløpsanlegg utan at dette er godkjent av kommunen. Dette kan bli eit relevant spørsmål ved søknad om fritak frå vass- og avløpsgebyr.

4.2.3. Forslaget i § 3-3 om ansvar for årsgebyra

§ 3-3 skal lyde:

Abonnenten har ansvar for betaling av gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annen rekningsmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vassmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i høve til sin eigarandel, dersom ikkje annen fordeling er fastsatt i sameiget sine vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

Årsgebyra vert fakturert kvart år fordelt på to terminar.

Forslaget i § 3-3 førar vidare gjeldande forskrift § 11 første ledd om at det er abonnenten som har ansvaret for årsgebyra. Som nemnt under pkt. 3.2.4 om ansvar for tilknytingsgebyret har vi gjort noko endring på definisjonen av abonnent. Dette gjer seg også gjeldande i høve ansvaret for årsgebyret. Vi syner elles til pkt. 3.2.4 for nærare redegjerung.

Andre ledd i utkastet regulerar tilhøve om ansvar for forbruksgebyret der abonnentar samarbeidar om felles vassmålar. Utgangspunktet vil då vere at abonnentane er solidarisk ansvarlege for forbruksgebyret ovanfor kommunen. Dersom samarbeidet skjer i eigarseksjonssameige, vil kvar abonnent (seksjonseigar) vere ansvarlege for mengdevariabel del av gebyret i høve til sin eigarandel, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameiget sin vedtekter eller bindande vedtak i sameige. Tilhøvet til ansvaret for forbruksgebyret i eigarseksjonssameige som er regulert her, er ei tilvising på kva som alt følgjer av eigarseksjonslova § 29 første og andre ledd, jf. § 30.

4.2.4. Forslaget i § 3-4 om utforming av gebyra

§ 3-4 skal lyde:

Det vert berekna årsgebyr for henholdsvis vassforsyning og avløp med:

Todelt gebyrmodell vert lagt til grunn for kommunen:

- *Ein fast del (abonnementsgebyr)*
- *Ein mengdevariabel del (forbruksgebyr)*

For bustad vert fastleddet rekna som ein fast sats pr. bueining. Kommunen kan vedta ulik sats for henholdsvis bustadeigedom, fritidseigedom og annen eigedom. For annan eigedom vert fastleddet rekna som ein fast sats pr. bygg.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for årsgebyr (forbruksgebyret) ved ulike bustadkategoriar, der kostnadane ved å tene dei forskjellige bustadkategoriane vil vere forskjellige.

Kommunen kan fastsette ulike gebyrsatsar for årsgebyr (forbruksgebyret) der eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette førar med seg høgare eller lågare kostnadar enn dei øvrige.

Mengdevariabel del vert rekna etter målt forbruk, som vassforbruk i m³, eller stipulert der det ikkje er montert vassmålar. Det vert ikkje gjeve nedsatt gebyr pr. m³ for storforbrukere av vatn.

Forslaget i § 3-4 første ledd skal vidareføre gjeldande § 6 første ledd med todelt gebyrordning i kommunen. Dette utgjer ein fast del som er abonnementsgebyret og ein variabel del som er forbruksgebyret. Det ny blir at den faste delen av årsgebyret (abonnementsgebyret) skal falle på kvar bueining for bustadeigedomar og kvart bygg for andre typar av eigedomar. Utforminga av abonnementsgebyret følgjer soleis same utforming som tilknytingsgebyret, sjå pkt. 3.2.2 over. Løysinga er valt for å unngå det uklare tilhøve ved å nytte omgrepet «eigedom» ved utforminga av gebyra, sjå pkt. 3.1.1. Vidare er det opna opp for at kommunen kan sette forskjellige gebyrsatsar på abonnementsgebyret på ulike typar eigedomar. Det bør merkast her at avgrensingane til å sett eigne gebyrsatsar på årsgebyra etter forureiningsforskrifta § 16-5 andre og tredje ledd, ikkje gjeld for abonnementsgebyra, jf. § 16-5 siste ledd. Å nytte forskjellige gebyrsatsar for abonnementsgebyra står difor kommunen temmeleg fritt til å gjere.

I andre og tredje ledd i § 3-4, er det foreslått å ta inn føresegner som gir kommunen heimel til å sette ulike gebyrsatsar for årsgebyret (forbruksgebyret) der kostnadane er ulike ved å tene forskjellige bustadkategoriar eller der det er vesentleg større eller lågar kostnadar ved eit spesifikt vass- eller avløpsanlegg i kommunen eller ein eining av det. Desse føresegenene koresponderar med

forureiningsforskrifta § 16-5 andre og tredje ledd og dei er berre avgrensa til å gjelde gebyrsatsar for forbruksgebyret, jf. forureiningsforskrifta § 16-5 siste ledd. Det er foreslått å ta dei med først og fremst for å kunne ha heimel til å sette annan gebyrsats for avløpsgebyr på Fjellsætra når kommunalt avløpsanlegg blir bygd ut.

Siste ledd i føresegna seier at forbruksgebyret skal vere basert på målt forbruk som m³ eller stippulert forbruk. Stippulering av forbruket skjer der det ikkje er montert vassmålar. Det blir også presisert at det ikkje er moglegheit for å gi nedsett gebyr per m³ for storforbrukarar av vatn.

4.2.5. Forslaget i § 3-5 om ansvar for opplysningar om abonnementet

§ 3-5 skal lyde:

Abonnenten skal melde endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil kommunen har motteken melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå Matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

Utkastet foreslår ei ny føresegn i § 3-5 om abonnenten sitt ansvar om å melde ifrå om endringar i abonentstilhøvet til kommunen, og at årsgebyr løper som vanleg fram til kommunen mottek meldinga og har oppdatert abonnementsdata frå Matrikkelen.

4.2.6. Forslaget i § 3-6 om berekning av gebyr

§ 3-6 skal lyde:

Same forbruk i m³ vert lagt til grunn for berekning av både vassgebyr og avløpsgebyr.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda av avløpsvatn avviker vesentleg frå målt vassforbruk, kan kommunen basere avløpsgebyret på eiga måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett, eller på særskilt avtale.

For avløpsvatn som avviker frå vanleg hushaldningsavløp og verker fordyrande på drift og vedlikehald av kommunens avløpsanlegg, kan kommunen fastsette eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadane.

For avløpsvatn frå produksjonsprosess e.l. som etter eige løyve frå kommunen er tillate ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjøen, eller i separat kommunal overvassleidning, vert det ikkje betalt avløpsgebyr. Slikt vatn vert måla separat.

Forslaget i § 3-6 erstattar gjeldande forskrift §§ 6 niande ledd og 8 første og andre ledd. Første ledd § 3-6 sett opp utgangspunktet for berekning av vass- og avløpsgebyr og bygger på same prinsipp som gjeldande forskrift § 6 niande ledd om at vatn inn er lik vatn ut.

Regelen i § 3-6 andre ledd regulerer første unnataket frå hovudregelen i § 3-6 første ledd. Dette er ved næring der mykje av vassforbruket går inn i produksjon som førar med seg at mengda av avløpsvatn fråviker vesentleg frå vassmengda. Mengda avløp kan i slike tilfelle målast separat eller det kan bli inngått særskilt avtale med abonnent. Dette vil følgje systemet etter forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd og legg til grunn synspunktet ein finn i rettleiaren til Miljødirektoratet.

I tredje ledd er det andre unnataket frå § 3-6 første ledd regulert. Når avløpsvatn avviker frå vanleg hushaldningsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald for kommunalt avløpsanlegg, kan kommunen etter føresegna krevje eit tillegg til avløpsgebyret for å dekke meirkostnadane. Det kan tenkast her at kommunen til dømes kan sette eit prosentvis påslag på abonnementsgebyret, sjå elles mernadane under pkt. 4.1.5 over. Kvifor tredje leddet i § 3-6 utgjer eit unnatak frå første leddet, skuldast at abonneneten må betale meir for avløpet på grunn av det forureiningsmessige innhaldet sjølv om vassmengda inn og ut er den same.

I siste leddet i § 3-6 er det foreslått eit siste unnatak og dette er vel meir eller mindre eit sjølvsgatt unnatak. Føresegna skal regulere tilhøve der avløpsvatn frå produsjonsprosessar eller liknande ikkje går i kommunalt avløp, men blir tilført til grunnen, eller ført i eigen privat leidning direkte til vassdrag eller sjø, eller leda inn i kommunal overvassleidning. I desse tilfella blir det ikkje betalt avløpsgebyr, men gebyr for vatn etter målt forbruk.

Det blir ikkje lagt opp til å krevje årsgebyr frå eigedomar som ikkje er bebygd, difor er det heller ikkje foreslått eigne berekningsreglar for slike eigedomar, sjå pkt. 4.1.6.

4.2.7. Forslaget i § 3-7 om betaling etter målt forbruk

§ 3-7 skal lyde:

For alle eigedomar skal det installerast vassmålar. Vassmålararen gir grunnlaget for den variable delen av årsgebyret for vatn og avløp. Kommunen kan tillate eller krevje betaling etter stipulert forbruk, der det vert ein uhøveleg stor kostnad å montere vassmålar.

I dei tilfella kommunen har kravd eller tillate betaling etter stipulert forbruk, vert det stipulerte forbruket rekna ut i frå storleiken på bygget. For bueingar i bustadar og fritidsbustadar skal det nyttast berekna areal og for andre bygg skal det nyttast bruksareal, sjå § 1-3 bokstav k) og l). Ved stipulert bruk blir det betalt etter arealtrinn og pris per m³.

Har eigedomen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m³, skal den betale gebyr etter målt forbruk. Dersom det vert ein uhøveleg stor kostnad ved montering av vassmålar, kan likevel kommunen stipulere vassforbruket.

Føresegnene i § 3-7 skal erstatte § 6 sjuande og åttande ledd i gjeldande forskrift. føresegnen i § 3-7 skal gi nærare reglar om korleis forbruket av vatn og avløp skal målast for å kunne fastsette det faktiske forbruket til abonenten. Soleis utfyller reglane i § 3-7 prinsippet og hovudregelen i § 3-6 første ledd om at vatn inn er lik vatn ut.

Nytt i forslaget er at det skal installerast vassmålarar for alle eigedomar i kommunen. Det vil då gjelde både eigedomar med nye bygg og eksisterande bygg. Kor mange vassmålarar det skal installerast vil måtte følgje utforminga av årsgebyret, sjå pkt. 4.2.4 over. Kommunen kan tillate eller krevje betaling etter stipulert forbruk i dei tilfella det blir ein uhøveleg stor kostnad og montere vassmålar. Kva som skal utgjere «uhøveleg stor kostnad» må vurderast konkret og kanskje baserast på forskjellige kostnadsoverslag. Alternativt kan ein vurdere å få inn ein klausul i abonnementsvilkåra som avklarar kva som ligg i «uhøveleg stor kostnad». I so tilfelle vil det vere avtalt mellom kommunen og abonenten.

Kva som nærare ligg i stipulert bruk skal gå fram av andre ledd i føresegna. Vi vel å føre vidare systemet etter gjeldande forskrift, der forbruksgebyret blir stipulert på bakgrunn av storleiken på bygget etter arealtrinn og pris per m³. Ved fastsetting av areal for bueingar til bustadeigedomar skal ein nytte berekna areal som er definert i forskrifta § 1-3 bokstav k), medan det for andre eigedomar skal nyttast bruksareal for å fastsette arealet for bygningen. Bruksareal er definert i

forskrifta § 1-3 bokstav l). Vi vil igjen vise til vurderingane i pkt. 4.1.2 og 4.1.3, og spørsmålet om det vil vere i tråd med forureiningsforskrifta § 16-4 fjerde ledd å operere med slike målereglar for andre eigedomar enn bustadeigedomar når det ikkje er intallert vassmålar?

I siste ledd til § 3-7 har vi foreslått ei ny føresegn. Den sett krav om vassmålar der eigedom har utvendig eller innvendig basseng på over 3 m³. Kommunen kan likevel i desse tilfella akseptere stipulert forbruk der det blir ein uhøveleg stor kostnad å montere vassmålar.

5.0. Vassmålar

Vi ønsker ved ny forskrift å samle alle reglane kring vassmålar i eit eige kapittel. I pkt. 5.1 blir det gått igjennom dei gjeldande føresegnene knytt til vassmålar og kommentarar til desse. Pkt. 5.2 skal presentere forslaget til nye føresegner og merknadar til desse.

5.1. Gjeldande rett

5.1.1. Eigedomstilhøve, kostnadar m.m

Gjeldande forskrift § 7 første ledd syner til at vassmålar som blir nytta til måling av vassforbruket er kommunen sin eigedom. Eit utslag av dette er at kostnadane ved kjøp og installasjon for slike målarar blir dekt av kommunen, jf. tredje ledd. Kostnadane med kjøp og installasjon av vassmålarar blir i dag henta inn gjennom vass- og avløpsgebyra. Øvrige vassmålarar som ikkje blir nytta for fastsetting av forbruksgebyret er abonnenten sjølv ansvarleg for og vedkjem ikkje kommunen. Kommunen skal kunne bestemme type, plassering og storleik på vassmålarane. Det er allereie i forskrifta regulert at vassmålar nytta til berekning av forbruksgebyret skal plasserast trygt mot frost, jf. § 7 tolvte ledd.

Ein eigedom skal ha tal på vassmålarar etter kor mange faktiske tilknytingar den har til kommunalt vass- og avløpsnett. I utgangspunktet synast det berre å skulle vere ein vassmålar per eigedom fordi det som hovudregel berre skal vere ei tilknytning for kvar eigedom, jf. § 7 andre ledd. I ny forskrift bør vi vurdere om vi skal fortsette med same regulering av dette. Vi legg opp til at utforminga på årsgebyret skal vere per bueining for eigedom nytta til bustad og per bygg for eigedom som ikkje blir nytta til bustad, sjå punkt. 4.2.4 over. Hovudregelen blir heller då at det blir vassmålar per bueining for eigedom nytta til bustad og per bygg elles. Skilnaden til gjeldande forskrift vil difor bli at ein reknar tal på vassmålarar per bueining og byggverk og ikkje ut ifrå tal på tilknytingar til kommunalt vass- og avløpsnett. Ut ifrå dette vil felles vassmålar bli eit unnatak.

Gjeldande forskrift seier elles i § 7 femte og siste ledd at vassmålar skal installerast av godkjend røyrleggar i samsvar med gjeldande reglement. Etter installasjonen skal vassmålaren plomberast av røyrleggaren eller av kommunen. For bruk av vassmålaren gjeld elles dei kommunale tekniske vedtektene.

5.1.2. Avlesing og kontroll av vassmålar

Gjeldande reglar for avlesing av vassmålar går fram av lokal forskrift § 7 sjette og sjuande ledd. Etter desse reglane skal vassmålaren lesast av minst 1 gang om året. Abonnenten har ansvaret for denne avlesinga og skal melde ifrå til kommunen innan fastsett frist. Dersom abonnenten ikkje følgjer dette kan kommunen stipulere vassforbruket, eller kommunen kan velje å lese av vassforbruket mot eit avlesingsgebyr. Avlesingsgebyret skal gå fram av det til ein kvar tid gjeldande gebyrregulativ.

Reglane for inspeksjon og kontroll av vassmålaren går fram av gjeldande forskrift § 7 åttande ledd og niande ledd. Kommunen skal ha tilgang til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla

tid. Vassmålaren skal vere plassert slik at det er enkelt for kommunen å gjennomføre kontrollen. Etter niande ledd er det rett for både kommunen og abonnent til å krevje kontroll av vassmålaren. Det er kommunen som skal avgjere om kommunen sjølv tek kontrollen eller om den skal gjennomførast av ekstern kontrollinstans. Kommunen skal dekke kostnadane ved kontrollen, men om abonnenten krev ytterlegare kontroll, må denne bere kostnadane ved kontrollen om testresultatet av kontrollen ligg innanfor ein feilmargin på 5%.

5.1.3. Avrekning ved feilmåling

Gjeldande forskrift § 7 tiande ledd gir ein abonnent rett på tilbakebetaling av gebyr for vassforbruket om vassmålaren ved kontroll syner til meir enn 5 % for høgt forbruk. Tilbakebetalinga skal reknast frå det tidspunktet ein kan rekne med at feilen med vassmålaren har oppstått, men ein vil likevel ikkje ha rett på tilbakebetaling av krav som er forelda. Kommunen skal etter dei same reglane ha krav på tilbakebetaling frå abonnent om vassmålaren ved kontroll syner til meir enn 5 % for lågt forbruk. Vi vil under dette punktet trekke fram nokre av reglane i *Lov av 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (lov om forelding)*, for å skissere rammene som kan hindre både kommunen og abonnent å gjere eit tilbakebetalingskrav gjeldande.

5.1.3.1. Utgangspunktet for foreldingsfristen

Etter lov om forelding er utgangspunktet at ein ikkje kan gjere gjeldande krav som er eldre enn 3 år. Fristen for forelding av kravet reknast som hovudregel frå dagen da fordringshavaren tidligst har rett til å krevje oppfylling, jf. § 2, jf. § 3 nr. 1. Spørsmålet her blir kva som ligg i «tidligst rett til å krevje oppfylling» for å kunne fastsette frå når foreldingsfristen tek til å løpe. Gjeldande forskrift synast å seie at fristen tek til å gjelde på tidspunktet ein kan rekne med at feilen med vassmålaren har oppstått. Dette behøver likevel ikkje vere gitt. Årsgebyra for vass- og avløp blir betalt terminvis. Forbruksgebyret som fastsettast på bakgrunn av det målte forbruket, kan såleis vere fastsett feil over fleire terminar. Det kan difor argumenterast for at feilen skjer ved kvar terminbetaling og ikkje når det kan konstaterast at feilen ved vassmålaren oppstod, sjølv om feilen ved vassmålaren er opphavet til feilbetalinga. Forstått slik må det faktisk ha vore gjort noko som følgje av feilmåling, det held ikkje at det er ei feilmåling i seg sjølv. Tilbakebetaling som resultat av feilmåling på vassmålaren kan vere å sjå på som eit restitusjonskrav og då synast dette synspunktet å vere lagt til grunn, sjå til dømes høgsterettsdom Rt. 2008 s. 1665.

Ansvarstilhøve mellom abonnent og kommune synast dels å vere offentlegrettsleg og privatrettsleg når det kjem til vass- og avløpstenesta. Den privatrettslege siden kjem inn fordi det mellom kommunen og abonnent blir inngått sanitærabonnement (avtale). For ordensskuld kunne man difor også nytta lov om forelding § 3 nr. 2, som seier at fristen for forelding tek til å gjelde frå då mislighaldet i kontrakten oppstod. Om ein ser på feilmålinga ved vassmålaren som mislighald i kontrakt, kan det tale for at starttidspunktet for foreldingsfristen tek til frå feilmålinga oppstår. Likevel får ikkje feilmålinga verknad før det blir fakturert feil forbruksgebyr som følgje av feilmålinga og abonnenten betalar fakturaen. Verknadstidspunktet kan såleis synast det rette å leggje til grunn om ein skal bruke vinklinga om mislighaldet i kontrakt. Ein vil såleis kunne ende på same resultat som om ein nyttar utgangspunktet etter § 3 nr. 1.

5.1.3.2. Tilleggsfrist etter lov om forelding § 10

Fordringshavaren vil etter § 10 i lov om forelding kunne ha rett på tilleggsfrist på 1 år dersom den alminnelege foreldingsfristen har løpt ut. Slik tilleggsfrist vil løpe frå dagen fordringshavaren fekk eller burde skaffa seg nødvendig kunnskap om fordringen eller skyldnaren. Kva som ligg i «nødvendig kunnskap» om skyldnaren eller kravet, må ein sjå i samanheng med kva som må til for å bryte foreldingsfristen. Dette vil også avhenge av saksområde. Det må difor gjerast ei konkret vurdering. I juridisk teori er det halde fram med at kunnskapen må vere slik at det ligg føre søksmålsgrunnlag,

dette av omsyn til at ingen skal vere tvungen til å gå til søksmål utan at det ligg føre visse utsikter for å kunne vinne fram med kravet.

Fristen vil som utgangspunkt løpe frå den dagen fordringshavar fekk slik kunnskap, men den kan flyttast til eit tidlegare tidspunkt dersom ein som fordringshavar «burde skaffa seg» den nødvendige kunnskapen om skyldnaren eller kravet. I dette ligg det at fordringshavaren vil ha ein undersøkingsplikt – når ville fordringshavaren mest sannsynleg ha oppnådd kunnskapen om han hadde gjennomført undersøkingene? Her må det gjerast ei konkret aktsemdsvurdering der ein må sjå på om det låg føre relevante handlingsmoglegheiter for fordringshavaren, og om fordringshavaren burde ha handla i tråd med dei relevant handlingsalternativa. Døme på moment i vurderinga vil vere kva for indikasjonar/signalar som låg føre for fordringshavar, kva for kostnader og ressursbruk ville gått med og kven er fordringshavaren.

Det gjeld ein absolutt frist for fristforlenging. Foreldingstida kan ikkje forlengast med meir enn til saman 10 år, jf. lov om forelding § 10 nr. 4. Den absolutte fristen tek til å gjelde frå utløpet av den alminnelege fristen på 3 år etter § 2.

5.1.3.3. Avbryting av foreldingsfristen

Kva som må til for å avbryte foreldingsfristen er regulet i lov om forelding §§ 14 til 19. Etter § 14 vil ein foreldingsfrist avbrytast om skyldnaren ovanfor fordringshavaren uttrykkeleg eller ved sin handlemåte erkjenner forpliktinga. Lova gir sjølv døme på kva som ligg i dette, det kan vere ved at skyldnar lover å betale eller ved at den betalar renter. Kva som er meint med skyldnaren «ved sin handel måte erkjenner forpliktinga» vil måtte vurderast konkret i den einskilde saka.

Vurderingstemaet synast å vere om skyldnaren si framferd gir fordringshavar rimeleg grunn til ikkje å gå i gang med andre fristavbrytande skritt. Her skal det laggast ein objektiv vurdering til grunn – korleis vil fordringshavarar generelt oppfatte ei slik framferd. Typetilfelle kan tenkast, til dømes vil uttrykkeleg erkjenning, betaling av renter og løfte om betaling gjere at fristen brytast. At det blir bede om betalingsutsetjing og bede om gjeldsettergiving vil vere å sjå på som fristavbrytande. Forhandlingar om kravet og fråvær av protest mot kravet (passivitet) vil som hovudregel ikkje innebere erkjenning av kravet og fungere fristavbrytande. Dette må likevel vurderast konkret om det kan gi grunnlag for det.

Foreldingsfristen blir også avbrote dersom ein går til rettsleg skritt i domstolane. Fristen blir som hovudregel avbrote ved forliksklage eller stevning, jf. lov om forelding § 15 første og andre ledd boksta a).

Fristen på forelding av ei fordring vil også brytast om kravet blir bragt inn for eit forvaltingsorgan som særskilt mynde til å avgjere slik tvist. Feilbetaling på vass- og avløpsgebyr som gjer at abonnent får krav mot kommunen kan bringast inn for sivilombodsmannen for bryte foreldingsfristen, jf. § 16 andre ledd bokstav d).

Ein kommune vil ha pant i årsgebyret etter *Lov av 8. februar 1980 nr. 2 om pant (pantelova)* § 6-1 andre ledd bokstav c), jf. vass- og avløpsanleggslova § 6. For å avbryte fristen på forelding av kravet kan ein kommune gå til tvangsfullbyrding av kravet ved å sende ei oppfordring om tvangsdekning til namsretten, jf. lov om forelding § 17 første ledd. Det synast også nødvendig for å hindre at sjølv pantet også blir forelda etter pantelova § 6-3 første ledd. Kommunen kan også avbryte fristen sjølv ved å halde utleggsforretning etter *Lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova)* for å skaffe utleggspant for vass- og avløpsgebyra, jf. § lov om forelding § 17 andre ledd.

Foreldingsfristen vil også brytast for fordringshavaren sitt krav når fordringshavaren forlanger at det blir opna konkurs eller offentlig skifte hos skyldnar, jf. lov om forelding § 18 første ledd.

5.1.4. Fjerning av vassmålar og ansvar ved skade

Ein vassmålar som er kommunen sin eigedom kan ikkje fjernast utan samtykke frå kommunen, jf gjeldande forskrift § 7 elvte ledd.

Etter § 7 trettande ledd har abonnenten eit ansvar om å melde i frå til kommunen om ein vassmålar som blir nytta til å måle vassforbruket blir skada. Plomberte vassmålarar kan berre opnast av kommunen eller under oppsyn av kommunen. Dersom ein plombe blir broten utanom desse tilfella, blir vassforbruket for teminen dette skjer sett til fire ganger vassforbruket.

Slike «straffegebyr» som § 7 trettande ledd gir uttrykk for har kommunen ikkje lovheimel til å sett i lokal forskrift, slik at dette må ut. Har kommunen eit økonomisk tap må dette i staden for gå etter dei alminneleg reglane om erstatning.

5.2. Forslag til nye føresegner om vassmålar og merknadar til desse

5.2.1. Forslaget i § 4-1 om installasjon av vassmålar

§ 4-1 skal lyde:

Kommunen avgjer:

- *Kor mange vassmålarar den enkelte abonnenten skal ha,*
- *Type, storleik og plassering,*
- *Når målar skal installerast*

Ved oppdeling av eksisterande eigedom med vassmålar, eller ved etablering av nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålar.

Abonentar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vere uhøveleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter reglane i § 3-3, 2. ledd. Eventuelt kan kommunen stipulere vassforbruket etter reglane i § 3-7 andre ledd.

Pålagt vassmålar for ny eigendom skal vere installert seinast når det vert gitt bruksløyve eller eigendomen vert tatt i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Vert dette unnlaten, skal abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 3-7 andre ledd.

Vassmålararen skal plasserast frostsikkert.

Installasjon av vassmålar skal gjennomførast av røyrleggjar. Etter målararen er montert skal han plomberast av anten kommunen eller røyrleggjar.

Forslaget § 4-1 tek sikte på å føre vidare situasjonen slik den er reguert i dag. Utgangspunktet er at kommunen avgjer kor mange vassmålarar den enkelte abonnent skal ha, type, storleik og plassering og når dei skal vere innstallert.

Sidan ny forskrift legg til grunn at utforminga på årsgebyret skal falle på kvar bueining ved bustad og fritidsbustad og kvart bygg ved andre høve, er det naturleg at tal på vassmålarar følgjer dette systemet. Første ledd i føresegna syner til at det skal vere eigen vassmålar til oppretta ny eigedom eller der eigedom med vassmålar blir delt i fleire eigedomar. Dette bør likevel ikkje avvike frå

systemet med utforminga av årsgebyret. Forstått slik vil det innanfor kvar eigedom vere krav om vassmålar for kvar buening eller kvart bygg avhengig av om det er bustad, fritidsbustad eller anna formål. Unnatak for dette er foreslått i § 4-1 andre ledd, der det vil vere uhøveleg stor kostnad å få installert eigen vassmålar. Da kan det installerast fellesmålar. I slike tilfelle blir forbruksgebyret fordelt etter reglane i § 3-3 andre ledd, sjå kommentar til føresegna i pkt. 4.2.3. Alternativt til felles vassmålar kan kommunen stipulere forbruket etter reglane i § 3-7, sjå kommentar til føresegna i pkt. 4.2.7. Stippuleringa må då skje for kvar buening eller kvart bygg.

Ved plassering av vassmålar seier utkastet § 4-1 fjerde ledd at vassmålaren skal plasserast frostsikkert. Det vil også vere eit krav om at vassmålaren er plassert lett tilgjengeleg av omsyn til avlesing, kontroll og vedlikehald av vassmålaren, sjå nærare om det i pkt. 5.2.4 og 5.2.5 under.

Når vassmålar skal vere installert er nærare presisert i utkastet § 4-1 tredje ledd. Pålagt vassmålar skal vere installert ved bruksløyve, eller når eigedomen blir tatt til bruk. For eksisterande bygningar vil det vere ved tilknytning av desse til kommunalt vass- og avløpsnett. Blir det ikkje gjort blir forbruket stipulert.

5.2.2. Forslaget i § 4-2 om eigartilhøve til vassmålar

§ 4-2 skal lyde:

Vassmålaren som gir grunnlag for berekning av gebyr, er kommunen sin eigedom dersom ikkje anna ordning er avtalt med abonnenten.

Forslaget i § 4-2 førar vidare eigedomstilhøve til vassmålar slik det er etter gjeldande rett i kommunen. Vassmålar som blir nytta til å måle forbruket skal vere kommunen sin eigedom. Det er lagt opp til at noko anna kan vere avtalt, men det vil utgjere unnataka.

5.2.3. Forslaget i § 4-3 om kostnadar ved installasjon, drift og utskifting av vassmålar

§ 4-3 skal lyde:

Vassmålar som ovanfor kommunen skal nyttast som grunnlag for berekning av årsgebyr, vert påkosta av kommunen. Vassmålarar utover dette vert påkosta av abonnenten.

Kostnadane med installasjon, drift og utskifting av vassmålarar inngår i årsgebyret.

Kostnadane ved drift, installasjon og utskifting av vassmålarar følgjer etter forslaget i § 4-3 same system som etter gjeldande forskrift. Kostnadar knytt til vassmålar som blir nytta til å måle forbruket blir dekt av kommunen. I siste ledd skal det gå fram at kostnadane blir bakt inn i årsgebyret.

5.2.4. Forslaget i § 4-4 om avlesing av vassmålar

§ 4-4 skal lyde:

Avlesing av vassmålar skjer ved fjernavlesing.

Der det ikkje er lagt til rette for fjernavlesing på vassmålar, skal abonnenten lese av vassmålar nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Vassmålarar etter dette leddet skal lesast av minst 1 gong per år.

Unnlèt abonnenten å foreta avlesing, kan kommunen etter purring stipulere forbruksgebyret. Kommunen kan også sjølv foreta avlesing og kan krevje særskilt gebyr for dette.

Forslaget i § 4-4 skal regulere avlesing av vassmålararen. Kommunen vil i større grad gå over til fjernavlesing av vassmålar og er i gang med å innføre dette. Fjernavlesing av vassmålarar vil difor etter kvart bli hovudregelen. I dei tilfella det ikkje er installert system for fjernavlesing, førar føresegna vidare situasjonen slik den er etter gjeldande forskrift. Vi nøyer oss her med å syne til kommentarane under pkt. 5.1.2 over.

5.2.5. Forslaget i § 4-5 om tilsyn og vedlikehald av vassmålar

§ 4-5 skal lyde:

Abbonenten skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abbonenten skal føre tilsyn med målar. Vert ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade vert også rekna at plombering av målar er broten. Kommunen kan krevje erstatning for tap eller skade.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg uoppfordra.

Forslaget i § 4-5 førar i stor grad vidare tilhøva etter gjeldand rett, sjå pkt. 5.1.2 og 5.1.4 over. Bortsett frå at denne føresegna i større grad samlar reglane om kva ansvar abonnenten har for vassmålararen. Som det går fram av føresegna skal målararen vere lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn. Tilsynet skal i utgangspunktet gjennomførast av abonnenten. Kommunen kan også føre tilsyn med vassmålararen og ved slikt tilsyn frå kommunen sin side skal kontrollør frå kommunen uoppfordra legitimere seg.

Abbonenten vil ha eit ansvar med å melde ifrå til kommunen dersom den oppdagar at vassmålararen er skadd eller går tapt. Føresegna presiserer at broten plombering på vassmålararen skal reknast som skade på den.

«Straffegebyret» etter gjeldande forskrift § 7 trettande ledd er teke ut, og det er i staden for synt til at økonomisk tap kommunen måtte ha for tap av vassmålararen eller skade på den må dekkast etter erstatningsrettslege reglar.

5.2.6. Forslaget i § 4-6 om nøyaktigheitskontroll

§ 4-6 skal lyde:

Både kommunen og abonnenten kan krevje kontroll av målararen. Kommunen avgjer om kontroll skal verta utført av kommunen eller ved ekstern kontrollinstans.

Kontrollen skal gjennomførast med målarutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle målarområdet.

Krev abonnenten ytlagare nøyaktigheitskontroll av målar, skal abonnenten bere kostnadane ved slik kontroll dersom kontrollresultatet ligg innanfor feilmarginen etter § 4-7. I motsett fall dekker kommunen kostnadane.

Etter forslaget i § 4-6 blir reglane for nøyaktigheitskontroll ført vidare. Det einaste nye er at andre ledd i føresegna stiller klarare krav til kontrollen med vassmålaren. Det vil innebere at målarutstyret og prosedyrane for kontrollen skal vere akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal også gjelde heile det aktuelle målarområdet. Vi syner elles til kommentarane i pkt. 5.1.2 over.

5.2.7. Forslaget i § 4-7 om avrekning ved feilmåling

§ 4-7 skal lyde:

Dersom målaren ved kontroll syner meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plomberinga av målaren broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling. Sjå elles § 5-2.

Tilbakebetalinga vert rekna frå det tidspunktet feilen truleg må ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje dekt.

Syner målaren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

Andre ledd i forslaget syner til at «tilbakebetaling vert rekna frå det tidspunktet feilen truleg må ha oppstått». Dette må ein tolke i samanhenge med starttidspunktet for foreldingsfristen etter lov om forelding § 3. Dette fordi § 28 første ledd fastsett at skyldnaren ikkje bindande kan vedteke at forelding ikkje skal tre inn i samsvar med reglane i lova. Elles samsvarar forslaget i § 4-7 med gjeldande rett, vi syner til kommentarane i pkt. 5.1.3 over.

5.2.8. Forslaget i § 4-8 om utskifting og flytting av vassmål

Føresegna § 4-8 skal lyde:

Er målar nøyaktigheita for dårleg, avgjer kommunen om målaren skal justertast eller skiftast ut. Målaren vert skifta ut når batterilevetida er gått ut.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten påkostar slik flytting.

I andre tilfelle enn nemnt i andre ledd, må aldri målar flyttast utan kommunen sitt samtykke.

Reglane om utskifting og flytting av vassmålaren i forslaget § 4-8 blir ny i høve til gjeldande rettstilling i kommunen. Dersom målar nøyaktigheita på vassmålaren er for dårleg er det kommunen som skal avgjere om målaren skal justertast eller skiftast ut. Ei slik vurdering vil truleg komme inn ved nøyaktigheitskontroll av vassmålaren etter § 4-6 og der det også vil kunne vere spørsmål om

avrekning av forbruksgebyr som resultat av feilmåling etter § 4-7. Føresegna må difor sjåast i samanheng med desse føresegnene. Ein vassmålar skal i alle høve bli bytta ut når batterilevetida er omme.

Som det vart gjort greie for i pkt. 5.2.1 over i høve til § 4-1, er det kommunen som avgjer endeleg plassering av vassmålaren. Utslaget av dette er at kommunen kan krevje at vassmålaren blir flytta dersom abonnenten har plassert vassmålaren i strid med kommunen sitt krav til plassering. Abonnenten må betale denne flyttinga. Utover desse tilfella må ein vassmålar aldri bli flytta utan at kommunen har samtykka til det.

6.0. Reduksjon, retting av gebyrberekning og fritak frå årsgebyr

I forslaget til ny forskrift blir det gitt eit eige kapittel som skal samle reglane som går på fritak frå årsgebyr, retting av gebyrberekning, og reglar som gir ei tilvising til kva reglar som gjeld dersom det oppstår mangel ved vassleveransen og feil ved avløpet. Pkt. 6.1 under syner til situasjonen etter gjeldande forskrift. I pkt. 6.2 blir forslag til nye føresegner presentert med merknadar til desse.

6.1. Gjeldande rett

6.1.1. Gebyrreduksjon

Gebyrreduksjon er i dag regulert gjennom § 8 siste ledd. Den gir generelt uttrykk for at restriksjonar kring vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp ikkje gir grunnlag for reduksjon i vass- og avløpsgebyra. Det som gir grunnlag for reduksjon av gebyra kjem fram av vedtekne Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune. Vi oppfattar at denne føresegna tydelegare kunne synt til kva for regelsett som gjeld dersom det oppstår feil ved vassleveranse og kva for reglar som gjeld ved feil på avløp. I punktane 6.1.1.1 og 6.1.1.2 under forsøker vi å gi eit lite overblikk over kva reglar som gjeld ved slike tilhøve.

Regelen om gebyrreduksjon på grunn av feil ved vassleveransen eller feil ved avløpet etter gjeldande forskrift § 8 siste ledd, kan ein vurdere å skilje ut i eiga føresegn. I dag er den plassert saman med reglar om gebyrberekning. Reint systematisk og tematsik synast ikkje ein regel om krav ved mangelfull vassleveranse og feil ved avløpet og vere det same som berekningsreglar.

6.1.1.1. Mangel ved vassleveransen

Mellom kommunen som annleggseigar og innbyggjar som abonnent er det inngått avtale om levering av vatn- og avløpsteneste. Avtalen er inngått når ein innbyggjar søkar Sykkylven Energi AS om sanitærabonnement og dette blir gitt. Avtalen er standard abonnementsvilkår som er utarbeida av Kommunanes Sentralforbund (KS) og som er vedteken at skal gjelde i kommunen og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune. Avtalen regulerar ansvarstilhøvet mellom kommunen og innbyggjaren i høve til vass- og avløpstenesta. Ved sidan av avtalen vil også *Lov av 13. mai 1988 nr. 27 om kjøp (kjøpslova (kjl.))* og *Lov av 21. juni 2002 nr. 34 om forbrukerkjøp (forbrukarkjøpslova (fkjl.))* vere med på å regulere levering av vatn. Dette følgjer av fkjl. § 2 første ledd bokstav b) og er lagt til grunn i teori og forarbeida til forbrukarkjøpslova for kjøpslova sin del. Om det er kjøpslova eller forbrukarkjøpslova som regulerer vassleveransen, kjem an på formålet med vassleveransen. Skal det nyttast til næringsverksemd blir tilhøva regulert gjennom kjøpslova, skal det nyttast til vanleg privat bruk blir det regulert gjennom forbrukarkjøpslova.

Er det mangel ved vassleveransen kan ein abonnent på nærare vilkår gjere gjeldande krav etter anten kjøpslova eller forbrukarkjøpslova, jf. fkjl. § 26 og kjl. § 30. Vassleveransen vil ha ein mangel om den ikkje svarar til eigenskapar vassleveransen skal ha, jf. fkjl. § 16 første ledd bokstav a) og kjl. § 17 tredje ledd. For å avgjere i kva grad vassleveransen vil ha ein mangel, må ein i første omgang sjå på kva som er avtalt mellom kommunen og abonnent (standard abonnementsvilkår og leveringsvilkår). Vassleveransen vil ha ein mangel om den ikkje svarar til art, mengde og kvalitet som følgjer av avtalen, jf. fkjl. § 15 første ledd og kjl. § 17 første ledd. Om det ikkje følgjer noko konkret i avtalen, vil ein vassleveranse kunne ha ein mangel om den ikkje passar med formålet som vatnet vanlegvis blir nytta til, jf. kjl. § 17 andre ledd bokstav a) og fkjl. § 15 andre ledd bokstav a). For forbrukarar kan det også bli eit spørsmål om vassleveransen svarar til det han hadde grunn til å forvente ved kjøpet av vatnet når det gjeld haldbarheit og andre eigenskapar, jf. fkjl. § 15 andre ledd bokstav b). Elles følgjer det av fkjl. § 15 andre ledd bokstav f) at tingen (vassleveransen) skal vere i samsvar med offentlegrettslege krav som er stilt i lovgivinga eller offentleg vedtak i samsvar med lov på den tid kjøpet skjer, om ikkje forbrukaren har til hensikt å nytte tingen på ein slik måte at kravet er utan betyding.

Når det gjeld vurderinga av i kva grad vassleveransen har ein mangel er det grunn til å syne til at det skal mykje til for at ein abonnent skal kunne gjere gjeldande ein mangel. Forbrukertvistutvalet har lagt til grunn ein høg terskel for kva som skal til for å utgjere ein mangel i vassleveransen. Det kan såleis synast å ligge til grunn eit vesentlegheitskrav. Ein mangel vil til dømes ligge føre om vasskvaliteten er så dårleg at den er helseskadeleg, eller at leveransen av vatn har vore heilt borte eller trykket over lengre tid har vore dårleg utan at abonnenten har vore varsla av kommunen. Forarbeida til forbrukarkjøpslova talar også i denne retning. Grunnen til den høge terskelen er at det ikkje skal vere lett å gripe inn i prioriteringane til kommunen som er resultat av politikk og ligg til kommunen sitt sjølvstyre. Vidare vil eit liberalt mangelsomgrep opne opp for at det er enkelt å rette krav mot ein kommune på grunn av ein mangelfull vassleveranse. Konsekvensen kan vere dårlegare økonomi som gir mindre midlar til vedlikehald og drift av anlegget. Dette vil igjen gå utover innbyggjarane i kommunen. Ut ifrå juridisk teori synast det også å vere lagt til grunn at eit kvart brot på drikkevassforskrifta ikkje kan utgjere ein mangel etter kjøpslova og forbrukarkjøpslova si del. Drikkevassforskrifta har mange og ulike krav til eigar av anlegget for drikkevatn. Kva som skal utgjere ein mangel ved brot på denne, må difor avgjerast konkret avhengig av kva for mangel det gjeld. Omsyna nemnt over vil også måtte trekkast inn i denne vurderinga.

Ved sidan av at det må vere ein mangel ved vassleveransen må mangelen ved leveransen skuldast tilhøve på kommunen sin side, jf. kjl. § 12 og fkjl. § 13. Risikoen går over når vatnet er levert, jf. kjl § 13 første ledd og fkjl. § 14 første ledd. Vatnet vil vere levert når det kjem inn på den private stikkleidninga til abonnenten. Dette inneber at dersom det er feil ved den private stikkleidninga som gjer at vassleveransen får mangel, til dømes misfarge og lukt på grunn av skade på stikkleidninga, vil ikkje kommunen vere ansvarleg.

Til sist må abonnenten har reklamert i tide. Det vil si at den må gjere krav gjeldande ovanfor kommunen innan ein viss frist, jf. kjl. § 32 og fkjl. § 27. Ved reklamasjon gjeld det både ein relativ frist som skal beskytte abonnenten og ein absolutt frist som beskyttar kommunen som leverandør av vatnet. Den relative fristen går ut på at abonnenten må ha reklamert innan rimeleg tid frå då den oppdaga eller burde oppdaga mangelen. For ein forbrukar følgjer det av forbrukarkjøpslova at denne fristen ikkje kan vere kortare enn to månader. Kva som ligg i starttidspunktet «då den oppdaga eller burde oppdaga mangelen» for den relative fristen, vil måtte vurderast konkret. Ved vassleveransen er det grunn til å tru at det i dei aller fleste tilfelle ikkje vil vere problematisk å fastsette når denne fristen starter å løpe. Er trykket på vatnet dårleg eller vatnet er borte over lengre tid oppdagar ein det høvevis enkelt. Det same synast også å vere dersom vasskvaliteten i seg sjølv er dårleg. I slike tilfelle vil vatnet virke skittent og det kan vere knytt lukt til det om det er bakterier i det. På tilsvarande måte bør ikkje sjølv fristen på «rimeleg tid» kunne vere alt for lang. For forbrukarar skal fristen likevel ikkje vere mindre enn to månadar.

Den absolutte fristen etter kjøpslova og forbrukarkjøpslova er i utgangspunktet 2 år, men vil etter forbrukarkjøpslova kunne vere fem år for ting som er meint å skulle vare lengre, jf. kjl. § 32 andre ledd og fkjl. § 27 andre ledd. Den absolutte fristen starter å løpe på tidspunktet abonnenten mottok vatnet. Dette vil vere då det er levert inn på privat stikkledning. Som vi var inne på i høve til den relative fristen vil den mest truleg løpe straks etter at abonnenten har tappa vatnet, då denne raskt vil oppdage om vatnet er godt eller dårleg. Dette kan innebere at starttidspunktet for relativ frist og absolutt frist vil vere meir eller mindre samanfallande for vassleveransen. Såleis kan det synast lite praktisk å operere med ein absolutt frist ved vassleveransen.

Kan det ved vassleveransen konstaterast at det er ein mangel som skuldast tilhøve på kommunen sin side og abonnenten har reklamert i tide, kan det på nærare vilkår krevjast retting og omlevering, jf. kjl. § 34 og fkjl. § 29, prisavslag, jf. kjl. § 38 og fkjl. § 31, heving av kontrakt, jf. kjl. § 39 og fkjl. § 32 og erstatning, jf. kjl. § 40 og fkjl. § 33.

Retting og omlevering kan vere praktisk ved ein mangelfull vassleveranse og er som utgangspunkt også nok seljar har rett til å gjennomføre. Ein kan tenke seg at ein viss mengde vatn som er levert mangelfult, kan leverast på nytt utan at det blir teke gebyr for det, eller at ein abonnent må finne seg i hente vatn frå ein tankbil som har blitt køyrt ut på grunn av at det er eit problem med det kommunale vassnettet.

Heving av kontrakt synast å vere eit krav som er lite praktisk ved den mangelfulle vassleveransen. Grunnen er at bustadar og næringsbygg som hovudregel vil vere tilknytingspliktige til kommunal vassledning, jf. plan- og bygningslova § 27-1 andre ledd. Ein kan vere unnateken denne plikta om det ligg føre særlege omsyn. Det kan diskuteras om eit grunnlag for å heve kontrakten med kommunen vil kunne vere å sjå på som særlege omsyn etter plan- og bygningslova § 27-1 andre ledd, og som kan gi fritak frå tilknytingsplikta. Til dette kjem at bygninga vil ha krav på seg til å ha tilgang på hygienisk tryggande drikkevatt, jf. plan- og bygningslova § 27-1 første ledd. Ved heving av kontrakten med kommunen og ved fritak frå tilknytingsplikta vil ein såleis måtte ha tilgjengeleg ei anna vassløyseing for å tilfredsstille krav etter plan- og bygningslova § 27-1 første ledd. Eit anna tilhøve som også talar i mot at heving er eit praktisk krav ved mangel på vassleveransen, er at kommunen enkelt kan miste abonnentar til det kommunale nettet dersom heving blir nytta lempelig. Det vil igjen kunne gi utfordringar med drifting og vedlikehald av det kommunale vassnettet.

Dei krava som kan synast mest praktiske ved ein mangelfull vassleveranse er nok prisavslag og erstatning. Prisavslag kan etter kjøpslova krevjast dersom det er ein mangel og retting eller omlevering av vatnet ikkje kjem på tale eller retting ikkje er gjennomført av seljar innan rimeleg tid etter at kjøparen klaga på mangelen. Prisavslag kan heller ikkje krevjast om kjøparen har avslått retting eller omlevering slik som han pliktar å motteke, jf. kjl. § 37 første ledd, jf. § 38. For forbrukarkjøp kan ein forbrukar krevje prisavslag dersom varen ikkje rettast eller det blir gjennomført omlevering etter fkjl. §§ 29 og 30, jf. fkjl. § 31 første ledd. Prisavslaget skal svare til differansen på verdien av avtala mangelfri vare og verdien på mangelfull levert vare, jf. kjl. § 38 og fkjl. § 31. Det betyr at prisavslaget knyter seg opp i mot noko som har skjedd tilbake i tid. Kommunen har ved enkelte saker om mangelfull vassleveranse gitt fritak for til dømes abonnementsgebyr for ein periode framover i tid. Dette synast ikkje som ei riktig handtering av slike saker, ettersom det ikkje er fritak frå gebyr det er snakk om. Det kan også gi inntrykk av at det settast lågare sats for nokre abonnentar og det har kommunen som utgangspunkt ikkje moglegheit for å gjere utover det som følgjer av forureiningsforskrifta § 16-5. Kva som skal utgjere prisavslaget reint faktisk i kronar og øre må vurderast konkret. Relevante moment i denne vurderinga vil kunne vere kva kostnadane med å rette mangelen vil vere, kostnadar med å kjøpe drikkevatt i butikk der vatnet absolutt ikkje kan drikkast, kostnadar med å måtte koke vatnet før det kan nyttast til drikke og matlaging, betydninga av mangelen for forbrukaren. Dette kan gi nokre utfordringar og vere tidkrevjande ved behandlinga av saker om prisavslag ved vassleveransen. Kommunen kan her vurdere om det skal utarbeidast ein fast sum som skal fungere som prisavslag ved ein mangelfull vassleveranse og at ein får dette inn i

sanitærabonnementet. Situasjonen blir då at ein avtalar ein form for «billigheiterstatning». «Billigheiterstatninga» kan til dømes gå ut på at ein tek utgangspunkt i kva gjennomsnittsbruken av vatn er for ein person i løpet av ein dag, så kan ein gange opp det med prisen på m³ per vatn. Tek som døme at vassforbruket til ein person kostar 300 kroner for ein dag. Ein familie på fire har hatt mangelfull vassleveranse i løpet av ein dag, som dei har reklamert for i tide. Det kan gi grunnlag for eit prisavslag på 1.200 kroner (300 x 4). Det kan vere praktisk og fremme effektivitet i saksbehandlinga å operere med dette, men det blir ei standardisert løysing som også gjer at ein ikkje får teke omsyn til variasjonar i dei konkrete sakene.

Kjem ein til å nytte ei «billigheiterstatning» som prisavslag, kan det vere grunn til å vurdere tilhøve mellom retting/omlevering og prisavslag. Om det leverast lik mengde vatn som det ikkje betalast for (retting) eller om ein betalar ut prisavslag på det som har vore mangelfult, synast då i stor grad å ende ut på det same. Ved ei «billigheiterstatning» kan det då kanskje bli meir ei smakssak om ein vil gå for omlevering eller prisavslag ved mangelfull vassleveranse.

Etter kjl. § 40 første ledd kan ein kjøpar (abonnt) krevje erstatning for tap som følgje at at vassleveransen har ein mangel. Dette vil berre gjelde dersom seljar ikkje godtgjer at mangelen skuldast hindring utanfor seljar sin kontroll og som han med rimelegheit kunne ha venta å teke i betraktning på avtaletidspunktet eller å unngå eller overvinne følgjande av (kontrollansvaret). Seljaren må også gi melding innan rimeleg tid etter at han fekk eller burde ha fått kjennskap til hindringa, jf. kjl. § 28. Etter kontrollansvaret i kjl. § 40 første ledd blir det ikkje kravd ein absolutt hindring, men det må ligge føre eit tilhøve som gjer det ekstraordinært tyngande å oppfylle slik at det etter ei objektiv vurdering må seiast å utgjere ei hindring. Etter kjl. § 40 tredje ledd bokstav a) og b) kan det frå ein abonnt sin side også krevjast erstatning der mangelen eller tapet skuldast feil eller forsøming frå seljaren (kommunen) sin side (skuldansvaret), eller der vatnet på avtaletidspunktet vek ifrå det som var tilsikra av seljaren.

Abonntent vil etter kjl. § 67 andre ledd ikkje ha krav på erstatning for indirekte tap. Som indirekte tap reknast:

- a) Tap som følgje av minska eller bortfalle produksjon eller omsetning (driftsavbrudd).
- b) Tap som følgje av at tingen ikkje kan nyttiggjerast som forutsett.
- c) Tapt fortjeneste som følgje av at ein kontrakt med tredjemann fell bort eller ikkje blir riktig oppfylt, men berre for så vidt kjøparen utan rimeleg grunn let vere å føreteke dekningskjøp eller treffe andre tiltak for å unngå eller minske tapet.
- d) Tap som følgje av skade på anna enn salgstingen sjølv og gjenstandar som den blir brukt til framstilling av eller som har nær og direkte samanheng med salgstingen sin forutsette bruk.

Etter fkjl. § 33 første ledd kan ein forbrukar (abonnt) krevje erstatning for tap han eller ho lid som følgje av at tingen (vatnet) har ein mangel (objektivt ansvar). Abonntent vil også kunne ha krav på erstatning ved skade på gjenstandar som salgstingen blir brukt til framstilling av, eller som har ein nær og dirkete samanheng med den forutsette bruken av salgstingen. Abonntent vil også kunne ha krav på erstatning for andre produktskader ved feil eller forsøming frå seljaren sin side. Etter forbrukarkjøpslova vil abonntent difor stå noko sterkare når det gjeld indirekte tap enn kva som er tilfelle etter kjøpslova. Abonntent kan likevel ikkje krevje erstatta skade som følgje av personskade eller tap i næringsverksemd etter fkjl. § 52 siste ledd. Abonntent som forbrukar vil også ha ei tapsbegrensingsplikt etter fkjl. § 54 første ledd.

Vatn vil etter *Lov av 23. desember 1988 nr. 104 om produktansvar (produktansvarslova)* § 1-2 første ledd vere å rekne som produkt og kommunen som leverandør av vatn som produsent, jf. § 1-3 første ledd bokstav a). Ein forbrukar kan etter produktansvarslova ha rett på erstatning frå produsent dersom det ligg føre ein tryggleiksmangel ved produktet, jf. § 2-1 første ledd.

6.1.1.2. Feil ved avløpet

Når det gjeld skade som oppstår som resultat av feil på eit avløpsanlegg, har forureiningslova erstatningsrettslege reglar som vil regulere dette tilhøvet. Ein skade som kan vere forårsaka av feil ved avløpsanlegget, vil til dømes vere oversvømming av kjellarar som gir skade på bygning og innbu. Tilbakeslaget som førar til oversvømming kan vere at avløpsleidning tettast seg eller at det skjer ei oppstuving i leidninga. Avløpsanlegg er etter forureiningslova § 21 første ledd forstått som anlegg for transport og behandling av avløpsvatn. Etter andre ledd i same føresegn er avløpsvatn forstått som både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.

Forureiningslova § 24a seier at eigar av avløpsanlegg er ansvarleg for skade som eit avløpsanlegg valdar fordi kapasiteten ikkje strekk til eller fordi vedlikehaldet av anlegget ikkje har vore tilstrekkeleg. Anleggseigaren er ansvarleg for dette uavhengig av skuld. Forureiningslova sett såleis i utgangspunktet eit reint objektivt ansvar for anleggseigar. Etter rettpraksis har det likevel vore akseptert at det gjeld eit force majeure unnatak til føresegna, sjå lagmansrettsdom RG 2007 s. 1281. Med force majeure blir det meint ekstraordinære hendingar som det ikkje har vore mogleg for anleggseigar å overskue. Dette kan til dømes vere uvanlege mengder nedbør som førar til oppstuving i avløpsanlegget. Kva som er meint med force majeure kan avtalast, elles vil det måtte gjerast ei konkret vurdering i kvar enkelt situasjon. Når det gjeld ekstraordinær mengde med nedbør, kan det sjå ut til at det ved vurderinga av dette i ein del domar har vore sett på kor mykje nedbør som har komme innanfor eit nedslagsfelt i eit visst tidsrom, kva for gjenntakingsintervall det er på slik nedbørsmengde og kva avløpsleidninga har vore dimensjonert for og om dimensjoneringa har teke høgde for eit visst gjenntakingsintervall.

Ved sidan av force majeure unnataket er det også mogleg for anleggseigar å avtale seg vekk frå delar av ansvaret (ansvarsfråskrivning), jf. forureiningslova § 53 første ledd. For anleggseigar vil det berre vere mogleg å avtale seg vekk frå det objektive ansvaret når det gjeld dimensjonering på leidninga, dersom valt dimensjonering var forsvarleg på opparbeidingstidspunktet. For manglande vedlikehald av avløpsanlegg vil det ikkje vere mogleg å fråskrive seg ansvaret etter forureiningslova § 24a, sjå høgsterettsdomane Rt. 2007 s. 431, Rt. 2011 s. 1304 og Rt 2014 s. 656. Grunngevinga for at det ikkje skal vere mogleg å fråskrive seg ansvaret når det gjeld vedlikehaldet, synast å vere at det skal gi anleggseigar eit insitament for å følgje opp vedlikehaldsarbeidet. Sykkylven kommune har fråskrive seg delar av ansvaret etter forureiningslova gjennom pkt. 3.14 i standard abonnementsvilkår. I standard abonnementsvilkår som er utarbeidd av Kommunanes Sentralforbund, er det teke høgde for synet til høgsterett når det gjeld retten til å fråskrive seg ansvaret.

For utmålinga av erstatninga gjeld reglane i forureiningslova §§ 57 til 61, jf. forureiningslova § 24a. Verdt å merke seg i første omgang er forureiningslova § 57 som gir reglar om kva tap som kan erstattast og i § 61 er det gitt ein lempingsregel. Føresegna i forureiningslova § 61 seier at eit erstatningsansvar kan lempast ved skade på fast eigedom eller ting. Vurderinga gjerast etter skadeerstatningslova § 5-2 og det kan i denne vurderinga takast omsyn til at eigedomen eller tingen toler særleg lite.

Skjer det feil ved avløpet synast ikkje tilhøvet å vere regulert av kjøpslova og forbrukarkjøpslova overhovudet, jf. forarbeida til forbrukarskjøpslova, teori og fkjl. § 2 første ledd bokstav b). Avleding av avløpsvatn er like fult ei teneste kommunen yter og tilhøvet mellom kommunen som anleggseigar og abonnentane er regulert i standard abonnementsvilkår og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune. Det kan difor bli eit spørsmål om tenesta kan vere regulert av ulovfesta kontraktsrett (alminnelege obligasjonsrettslege prinsipp), og om desse reglane kan fungere side om side med erstatningsreglane i forureiningslova. Om det skal leggjast til grunn eit like strengt mangelsomgrep som feil ved levering av vatn, sjå over i pkt. 6.1.1.1, kan det tenkast at det er enklare for ein abonnent å gå om erstatningsreglane i forureiningslova då det nærmast er eit objektivt ansvar for kommunen som anleggseigar der det kommunale anlegget valdar skade. Mangelsomgrepet ved levering av vatn er vore tolka strengt fordi ein har ønska å vere atterhalden med å gripe inn i kommunen sin økonomi og politiske prioriteringar. Tenkjer ein seg at

ein nyttar ulovfesta kontraktsrett på feil ved avløpet, er det ikkje utenkjeleg at desse omsyna vil kunne gjere seg gjeldande ved vurderinga om det ligg føre ein «mangel» ved avløpstenesta.

Ved vurderinga kring erstatning i kontrakt er det vore trekt eit skilje mellom realyting og innsatsyting. Det første går ut på at seljar skal levere ein avtalt vare, mens det andre går ut på levering av ei teneste, til dømes rådgivning. Ved sist nemnte tilfelle er det krav om at ein skal gjere så godt ein kan, og om det skal vere grunnlag for erstatning i kontrakt ved mangelfull teneste, har det vore hevda at det må vere utvist skuld frå kontraktspart (den som skal levere tenesta). Den kommunale avløpstenesta kan sjåast på som ei innsatsyting fordi det ikkje dreiar seg om levering av ein «ting/gjenstand», men meir ei teneste fordi det knyter seg ei forventning om at avløpsvatn skal ledast bort frå hus, hytte, næringsbygg osv. Om ein på bakgrunn av dette sett erstatning i kontrakt ved avløpstenesta opp i mot erstatningsreglane i forureiningslova, kan det også her synast som at det er enklare å få dekt eit krav på erstatning gjennom reglane i forureiningslova. Dette fordi det kan vere enklare å få konstatert eit tilnærma objektivt ansvar for kommunen som anleggseigar enn det vil vere å få konstatert skuld hos kommunen som kontraktspart. Etter dette kan det difor hende at erstatningsreglane i forureiningslova eit godt stykke på veg vil konsumere ulovfesta kontraktsrettslege reglar når det gjeld tilhøvet til avløp.

6.1.2. Retting av gebyrberekning

Gjeldande forskrift har ikkje ei generell føresegn om retting av gebyrberekning, utanom det som går fram av § 7 tiande ledd om retten til tilbakebetaling der ein vassmålar målar feil vassforbruk, sjå pkt. 5.1.3 over.

Ein kan tenkje seg andre døme der tilbakebetaling kan vere aktuelt. Der vassforbruket blir stipulert og det er oppgitt feil areal for bygget kan det oppstå avvik i gebyrberekning anten for kommune eller abonnent. Der det har skjedd ei tilknytning til kommunalt vass- og avløpsnett som kommunen ikkje er kjend med vil det også kunne komme på tale med retting av gebyrberekning. Det kan difor synast riktig å ha ei generell føresegn som syner til denne retten, slik at forskrifta ikkje berre gir uttrykk for at retten eksisterar når det er målarfeil ved vassmålar.

6.1.3. Fritak frå årsgebyr

Fritak frå vass- og avløpsgebyr er i gjeldande forskrift regulert i § 11 siste ledd. Føresegna seier at Sykkylven kommune etter søknad kan gi fritak frå årsgebyra når gebyrpliktig eigedom blir kopla frå det kommunale leidningsnettet. Ved godkjent søknad om fritak blir abonnementet avslutta når ein mottok medling om at tilknytingspunktet er plombert. Ny tilknytning av eigedomen krev ikkje nye eingongsgebyr for tilknytning. Kostnadane ved fråkopling og ny tilknytning må abonnenten dekkje. Arbeidet skal utførast etter kommunale tilvisingar.

Denne føresegna kan etter gjeldande forskrift oppfattast som «gjemt». Dette kan ha noko med systematikken å gjere. Føresegna er plassert i ein regel som tek for seg innbetaling av gebyr og kven som har ansvaret for innbetalinga av gebyret. Dette synast lite heldig då fritak for gebyr omhandlar noko anna enn innbetaling. Intuitivt synast det difor ikkje naturleg å leite etter ei føresegn om fritak i ein slik regel. Det kan synast betre å skilje ut føresegna i ein eigen regel.

Vidare kan det vurderast om det er tilstrekkeleg med berre ein plombering av tilknytingspunktet, eller om det ved visse høve også bør vere eit krav om fråkopling av privat stikkledning før fritak bør komme på tale. Dette bør ein sjå i samanheng med standardabonnementsvilkår pkt. 3.5 som seier at kommunen kan ved opphøyr av tilknytning til kommunalt vass- og avløpsnett krevje at private installasjonar på hovudledning blir fjerna. Plan- og bygningslova krev også i § 31-3 tredje ledd, at

vass- og avløpsledning som blir tatt ut av bruk permanent eller for eit lengre tidsom skal koplust frå felles leiðningsanlegg når omsyn til forsvarleg helse, miljø eller tryggleik krev det. Fråkoplinga skal gjennomførast av den som eig leiðningane som blir teke ut av bruk. Kommunen kan også pålegge fåkopling ved slike høve.

Føresegna i § 11 siste ledd kan også oppfattast som at ein får fritak berre ved plombering. Dette har likevel ikkje vore tilfelle. Kommunen skal godkjenne søknad om fritak før det er aktuelt med fritak og det følgjer av ordlyden at kommunen «kan» etter søknad gi fritak. Det betyr difor at det er opp til kommunen sitt skjønn om fritak skal bli gitt. Såleis blir plombering eit tilleggsvilkår. På bakgrunn av dette har det opparbeida seg ei forvaltningspraksis som kan synast å sjå slik ut:

- Heimelshavar har flytta på institusjon og bustaden blir ståande tom.
- Gebyrpliktig bueining eller bygg vil stå tom i meir enn 6 månader.
- Gebyrpliktig bueining eller bygg står til nedfalls.
- Force majeure tilfelle, til dømes brann eller uvær som gjer at bustad eller bygg ikkje kan nyttast etter sitt føremål.

Ved ny forskrift bør ein vurdere å kodifisere denne praksisen slik at det blir enklare å tilvise kva som må til for at det skal kunne bli aktuelt med fritak frå kommunale vass- og avløpsgebyr. Dette vil truleg gjere saksbehandlinga i slike saker enklare, men det vil også bli meir føreseieleg for abonnentane.

6.2. Forslag til nye føresegner og merknadar til desse

6.2.1. Forslaget i § 5-1 om gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova og kjøpslova sine reglar om prisavslag

§ 5-1 skal lyde:

Abbonnten har rett til reduksjon i gebyr (prisavslag ved feil eller mangel ved vassforsyninga) i medhald av forbrukarkjøpslova eller kjøpslova sine reglar om prisavslag.

Kva som skal utgjere ein mangel går nærare fram av standard abonnementsvilkår og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester i Sykkylven kommune. Generell tilråding om koking av vatn som tryggleikstiltak etter trykkfall på grunn av reparasjon, spyling, brannslukking mv., gir ikkje rett på gebyrreduksjon.

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast høve på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarstilhøvet. Kostnadane ved avklaring blir fordelt med ein halvpart på kommunen og abonnenten.

Abbonnten må innan rimeleg tid frå då den oppdaga eller burde oppdaga mangelen ved vassleveransen gjere gjeldande at den vil påberope seg mangelen ovanfor kommunen. For ein forbrukar kan ikkje denne fristen vere kortare enn to månader.

Abbonntar som vert påført eit økonomisk tap som følgje av mangelfult vatn, vil etter reglane i kjøpslova, forbrukarkjøpslova og produktansvarslova kunne ha krav på erstatning.

Vi foreslår ein regel i ny § 5-1 som skal syne til kva reglar som gjeld dersom det oppstår mangel ved vassleveransen. Denne skal erstattet § 8 siste ledd i gjeldande forskrift. Ny føresegn bygger på strukturen etter kjøpslova og forbrukarkjøpslova, for nærare redegjering syner vi til pkt. 6.1.1.1 over. I første ledd i føresegna skal det gå fram at ein abonnent har rett på prisavslag etter kjøpslova og forbrukarkjøpslova sine reglar dersom det er ein mangel eller feil ved vassleveransen. Det er foreslått

at generell tilråding om koking av vatn som tryggleikstiltak etter trykkfall på grunn av reperasjon, spyling, brannslukking mv. ikkje skal gi rett på prisavslag. Får å klargjere nærare kva som skal utgjere ein mangel er det gjort ei tilvisning til standard abonnementsvilkår og Leveringsvilkår – Vassforsyning/Avløpstenester Sykkylven kommune.

Andre ledd skal få fram at mangelen på vatnet må ligg på kommunen sin side. Det må med andre ord vere feil ved det kommunale vassanlegget som førar til mangelen ved vatnet. For klargjere kor mangelen faktisk ligg kan det gå med ein del kostnadar ved enkelte høve, kanskje må leidningar gravast opp ved mistanke om kor mangelen ligg. At det ikkje med ein gang kan konstaterast kor mangelen ligg bør gjere at både kommunen og abonnenten har ein risiko. Vi foreslår difor at kostnadane som går med til klarlegginga skal delast med ein halvpart på abonnenten som meiner det ligg føre ein mangel og kommunen som eigar av vassanlegget.

Tredje ledd skal få fram at det må ha vore reklamert i tide for at ein skal kunne gjere ein mangel gjeldande. Vi vel å ta med at ein forbrukar vil ha ein frist på to månadar til å kunne gjere mangel ved vassleveransen gjeldande ovanfor kommunen.

Siste ledd i forslaget syner til at ein abonnent også vil kunne ha krav på erstatning etter reglane i kjøpslova, forbrukarkjøpslova og produktansvarslova ved mangelfull leveranse av vatn.

I forslaget til ny føresegn har vi synt til retten på prisavslag og erstatning som molgege krav mot kommunen. Det er ikkje meint at dette skal avgrense retten abonnenten har til å gjere andre krav etter kjøpslova og forbrukarkjøpslova gjeldande mot kommunen ved mangelfull vassleveranse, til dømes retting eller heving. Vi har valt å trekke ut prisavslag og erstatning spesifikt fordi dette synast som dei mest praktiske krava å gjere gjeldande.

6.2.2. Forslaget i § 5-2 om rett på erstatning ved feil på avløpet

§ 5-2 skal lyde:

Oppstår det feil på det kommunale avløpsanlegget ved til dømes tilstopping eller oppstuving og dette valdar skade for abonnenten, vil kommunen vere ansvarleg og abonnenten kan ha krav på erstatning etter forureiningslova sine reglar.

Dette gjeld likevel ikkje så lenge feilen ved avløpsanlegget skuldast ekstraordinære hendingar som ikkje har vore mogleg for kommunen som anleggeiar å overskue, eller tilhøva blir dekkja av ansvarsfråskrivninga som følgjer av standard abonnementsvilkår pkt. 3.14.

Føresegnene i forslaget § 5-2 skal også erstatte § 8 siste ledd i gjeldande forskrift. Til forskjell frå forslaget i § 5-1, skal forslaget etter § 5-2 syne til kva for reglar som gjeld ved feil på det kommunale avløpsanlegget og der dette valdar skade for abonnenten. Vi har her valt å ha ei tilvisning til erstatningsreglane i foruriningslova i første leddet. Andre ledd i føresegna skal syne til unnataket for ansvaret kommunen måtte ha som følgje av force majeure – hendingar, eller at tilhøvet er regulert av ansvarsfråskrivninga som går fram av standard abonnementsvilkår pkt. 3.14. For nærare redegjering for reglane om feil ved avløpet syner vi til pkt. 6.1.1.2 over.

6.2.3. Forslaget i § 5-3 om retting av feil gebyrberekning

§ 5-3 skal lyde:

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekkja.

Vi foreslår ei ny føresegn i § 5-3. Denne føresegna skal gi ei generell tilvising til reglane om tilbakebetaling ved feil gebyrberekning og skal vere med på å dekke tilhøva utanfor der det skjer feil gebyrberekning ved feilmåling frå vassmålar, sjå gjeldande forskrift § 7 tiande ledd og utkastet § 4-7. Som vi var inne på i pkt. 6.1.2, kan det vere andre tilhøve der det også kan oppstå feil i gebyrberekninga, til dømes ved stippulert bruk og det er oppgitt feil storleik på arealet på bygget.

6.2.4. Forslaget i § 5-4 om gebyrfritak frå årsgebyr

§ 5-4 skal lyde:

Kommunen kan etter søknad gi heilt eller delvis fritak for årsgebyr dersom særlege grunnar tilseier det. Følgjande vert rekna som særlege grunnar:

- *Heimelshavar flyttar på institusjon og bustaden vert ståande tom.*
- *Gebyrpliktig bueining eller bygg vil stå tom i meir enn 6 månader.*
- *Gebyrpliktig bueining eller bygg står til nedfalls.*
- *Force majeure tilfelle, til dømes brann eller uvær som gjer at bustad eller bygg ikkje kan nyttast etter sitt føremål.*

Fråflytting, eller fråvær frå bueining eller bygg i mindre enn seks månader, gir ikkje rett på gebyrfritak.

Etter strekpunkt 1 og 2 er det i tillegg ei føresetnad at vassinntak til eining vert plombert. Plombering skal gjennomførast av røyrleggjar. Utgiftene til plombering vert dekt av den som får fritaket. Fritaket tek til å gjelde frå den dagen meldinga frå røyrleggjar er motteken av kommunen.

Etter strekpunkt 3 og 4 er det i tillegg ei føresetnad at stikkledning er fråkopla (plugga) ved hovudledning. I desse tilfella må også arbeidet utførast av røyrleggjar. Den som får fritaket ber utgiftene. Fritaket tek til å gjelde dagen meldinga frå røyrleggjar er motteken av kommunen.

Dersom eit av tilfella nemnt i første ledd ikkje lengre ligg føre, eller plomberinga er fjerna, vil fritaket opphøyre. Abonnten svarar gebyr etter dei satsane som gjeld på tidspunktet når fritaket tek til å opphøyre.

Forslaget i § 5-4 tek sikte på å føre vidare gebyrfritakasregelen som går fram av gjeldande forskrift § 11 siste ledd, men med nokre presiseringar. Vi ønsker i første ledd å kodifisere den kommunale praksisen som har etablert seg ved fritak for kommunale vass- og avløpsgebyr. Dette skal nå gå fram av dei fire strekpunkta i første ledd. Vi ønsker også å få inn at fråflytting ikkje gir rett på fritak. I kommunen har vi hatt døme på slike saker. Gebyrplikta for vass- og avløpsgebyr står i utgangspunktet sterkt med tanke på retten kommunen har til å ta gebyr etter vass- og avløpsanlegglova § 3. Kommunen kan til og med ta årsgebyr for eigedom som ikkje er bebygd, sjå vass- og avløpsanleggslova § 3 siste ledd og forureiningsforskrifta § 16-4 siste ledd. Det gjeld også i utgangspunktet ei tilknytingsplikt til kommunale vass- og avløpsanlegg etter plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd. Salsmarknaden kan gå seint eller raskt, det synast såleis ikkje rett at ein kommune skal ha ansvaret for korleis marknaden er til ein kvar tid, det bør heller vere risikoen til abonnenten som skal selje.

I andre og tredje ledd har vi foreslått tilleggsvilkår om plombering og fråkopling ved fritak. Det går fram at dei vil relatere seg til dei ulke fritaksgrunnane i første ledd. Kvifor det er foreslått krav om plombering, er for å sikre at vatn og avløp ikkje blir nytta når det er gitt fritak. Om ein ikkje stiller krav om plombering kan det gi høve til å nytte vass- og avløpstenesta gratis. Kravet om fråkopling er gitt

av omsyn til forsvarleg helse, miljø og tryggleik. Fråkoplingskravet må ein sjå i samanheng med plan- og bygningslova § 31-3 siste ledd og standard abonnementsvilkår pkt. 3.5.

Siste ledd i § 5-4 skal teke sikte på å regulere når fritak frå årsgebyr tek til å opphøyre. Det er foreslått at det skal vere når fritaksgrunnane i første ledd ikkje lengre ligg føre eller når plombering på vassintaket er fjerna. Abonnenten skal svare vass- og avløpsgebyr etter dei satsane som gjeld på tidspunktet fritaket tek til å opphøyre.

7.0. Avsluttande føresegner

Ny forskrift skal legge opp til å samle føresegnene om vedtaksmynde etter forskrifta, klage og omgjering av vedtak, innkreving av gebyr og iverksetting av forskrifta i eit eige avsluttande kapittel. Dette følgjer same linje som gjeldande forskrift. Pkt. 7

7.1. Gjeldande rett

Dei avsluttande føresegnene i gjeldande forskrift gjer ei tilsvising til kva for reglar som gjeld ved innkreving av vass- og avløpsgebyr dersom abonnent ikkje gjer opp frivillig i § 12. Føresegna i § 13 syner til kven som har kompetanse til å treffe vedtak etter forskrifta. Etter § 14 følger det ei tilvising til kva for reglar som gjeld ved klage på vedtak fatta etter forskrifta og § 15 syner til slutt når forskrifta tok til å gjelde.

Ny forskrift tek ikkje sikte på å endre innhaldet eller systematikken i desse føresegnene i særleg grad. I punkt 7.2 under følger dei nye avsluttande føresegnene slik dei vil sjå ut med ein kommentar der vi har funne grunn til det.

7.2. Forslag til nye avsluttande føresegner og merknader til desse

7.2.1. Forslaget i § 6-1 om vedtaksmynde etter forskrifta

§ 6-1 skal lyde:

Kommunestyret er vedtaksmynde etter denne forskrifta.

Vedtaksmynda kan delegerast.

Føresegnene i § 6-1 skal regulere kven som har vedtaksmynde etter forskrifta. Utgangspunktet er at det er kommunestyret som er det øvste organet i kommunen og som i kraft av dette sit med vedtakskompetanse, sjå *Lov av 22 juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)* § 5-3 første og andre ledd. Kompetansen kommunestyret har kan innanfor dei rammene kommunelova og annan lov set, delegerast til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren, jf. kommunelova § 5-3. Andre ledd i § 6-1 i forslaget til ny forskrift er såleis ei tilvising til dette.

Der det vil vere aktuelt å treffe enkeltvedtak etter forskrifta, vil vere i høve løyve frå kommunen eller krav frå kommunen om at forbruket blir stippulert, jf. § 3-7 første ledd, aksept om felles vassmål, jf. § 4-1 andre ledd, avrekning ved feil gebyr, jf. §§ 4-7 og 5-3 og fritak frå årsgebyr, jf. § 5-4. kompetansen til å gi fritak frå årsgebyra er i dag delegert til kommunedirektøren som igjen har vidaredelegert kompetansen til einingsleiar for teknisk eining i kommunen.

7.2.2. Forslaget i § 6-2 om klage og omgjering

§ 6-2 skal lyde:

Enkeltvedtak treft i medhald av denne forskrifta kan klagast på etter forvaltningslova sine reglar om klage. Kommunestyret er klageinstans. Kommunestyret kan delegera sin kompetanse som klageinstans. Prinsipp saker vert i alle høve avgjort av kommunestyret.

Fremstår eit vass- eller avløpsgebyr etter gebyrregulativet som urimelege høgt, har abonnenten høve til å klage på gebyret.

Sjølv om gebyrvedtaket vert klaga på, må allereie påløpte gebyr betalast innan forfallsdato.

Vedtak som er fatta i medhald av forskrifta vil vere å rekne som eit enkeltvedtak som følgjar reglane om enkeltvedtak etter *Lov av 10 februar 1967 om behandlingmåten i forvaltnings saker (forvaltningslova)*. Det inneber at det vil vere ein rett for parten til å klage på vedtaket og å kunne få det overprøvd av ein nøytral klageinstans.

Etter forvaltningslova § 28 andre ledd følgjer det at om eit forvaltningsorgan, oppretta etter kommunelova, har fatta enkeltvedtak i ei sak, vil klageinstans i kommunen vere kommunestyret eller formannskapet om kompetansen er delegert dit. Alternativt kan det opprettast særskilte klagenemnder. Om kommunestyret skal kunne ha kompetanse som klageinstans fordrar det at kommunestyret har delegert sin vedtakskompetanse til å treffe opphæveleg vedtak (vedtaket som blir klaga på). Dersom det ikkje skjer, følgjer det vidare av forvaltningslova § 28 andre ledd at departementet då vil vere klageinstans. Kompetansen som klageinstans er delegert frå departementet til Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) i slike tilhøve, sjå Rundskriv frå Kommunal- og arbeidsdepartementet – H-1994-12. Løysinga som følgjer av forvaltningslova her er i strid med prinsippet om det lokale sjølvstyret. Lovgivar har likevel fastsett ei slik ordning av omsyn til rettstryggleiken til ein part. Denne skal ha moglegheit for å få overprøvd eit vedtak av ein nøytral part. Løysinga er også fastsett for å framtvinge ei delegering av mynde hos kommunestyra i landet.

Ordninga i kommunen i dag er slik at einingsleiar for tekniske tenester i kommunen har fått delegert kompetanse til å treffe enkeltvedtak i saker om kommunale vass- og avløpsgebyr. Etter forvaltningslova § 33, vil teknisk eining vere å rekne som underinstans, ettersom underinstans er det organet som traff vedtaket som blir klaga på. I kommunen har det utarbeida seg ei rutine som går ut på at det er politisk utval, nærings- og utviklingsutvalet (NU), som treff vedtak som underinstans. Teknisk eining førebur soleis berre saka for NU. Kompetansen som klageinstans for saker om vass- og avløpsgebyr er delegert til formannskapet i kommunen.

Vi foreslår i nest siste ledd i utkastet at ein abonnent skal ha høve til å klage på eit vass- eller avløpsgebyr etter gebyrregulativet om det synast urimeleg høgt. Eit gebyrregulativ vil vere å rekne som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a) og c). Etter § 40 i forvaltningslova er det berre moglegheit til å fråvike ei forskrift om forskifta sjølv opnar opp for det eller overordna heimelsgrunnlag gir rett til det. Verken vass- og avløpsanleggslova eller forureiningsforskrifta kap. 16 har reglar som gir denne moglegheita, det er heller ikkje sett nokre begrensing for kommunen til i lokal forskrift å opne opp for klage på gebyr. Det kan synast best for rettstryggleiken til abonnenten å kunne ha rett til å klage på ein gebyrsats. Kommunen skal ved fastsetting av gebyra følgje sjølvkostprinsippet. Dei nærare reglane for sjølvkost er gitt i *Forskrift av 11. desember 2019 nr. 1731 om beregning av samlet selvkost for kommunale og fylkeskommunale gebyrer (selvkostforskrifta)*. Å ha ein klagerett på gebyra gir ei tryggleiksventil for abonnentane og moglegheit for kontroll med at vass- og avløpsgebyra er i samsvar med sjølvkostforskrifta. Mest truleg vil også ein slik regel kunne fungere som eit insitament for kommunen til å sjå til at gebyra er i tråd med forskrifta. Når det blir

opna opp for ein klagerett har vi også foreslått at det må vere ein viss terskel for å kunne å sette gebyret tilside eller sette det ned – gebyret må framstå som urimeleg høgt.

I siste ledd i § 6-2 blir det foreslått at gebyr må betalast sjølv om vedtak på gebyr blir klaga på. Vil ein abonnent få medhald i ein klagesak, gir det rett på å få tilbakebetalt summen som har vore omtvista.

7.2.3. Forslaget i § 6-3 om innkreving

§ 6-3 skal lyde:

Forfalne krav på årsgebyr for vass- og avløpstenester er sikra med pant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Legalpantet vil fungere som særleg tvangsgrunnlag ved innkrevjing av kravet etter reglane i tvangsfullbyrdingslova. Elles er også årsgebyret tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdingslova.

Eingongsgebyret for tilknytning er tvangsgrunnlag for utlegg etter tvangsfullbyrdingslova.

Gebyra kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane i skattebetalingslova.

Forslaget i § 6-3 syner til dei reglane som gjeld der ein abonnent ikkje betalar vass- og avløpsgebyra etter eiga vilje. Årsgebyret vil i slike samanhenger vere sikra med legalpant etter *Lov av 8 februar 1980 nr. 2 om pant (pantelova) § 6-1* andre ledd bokstav c). Legalpantet vil typisk vere knytt opp til abonnenten sin eigedom. Eit slikt legalpant vil fungere som særleg tvangsgrunnlag for tvangssal etter *Lov av 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (lov om tvangsfullbyrding) § 11-2* første ledd bokstav d). Gebyra blir kravd inn av kommunekasseraren etter reglane i *Lov av 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova)*. Eit legalpant kan under tida bli forelda, jf. pantelova § 6-3 første ledd. Etter denne føresegna vil eit legalpant som sikrer årsgebyr for vatn og avløp bli forelda dersom ein ikkje fremsett krav om tvangsdekning innan tre år etter at pantekravet skulle vore betalt, eller dersom dekning ikkje blir gjennomført utan unødning opphald. Ved tvangssal av fast eigedom må eit slikt krav settast fram for namsretten for å bryte foreldingsfristen, jf. lov om tvangsfullbyrding § 11-3 første ledd. Om kravet på årsgebyr framleis er i behald sjølv om legalpantet er forelda, vil kravet på årsgebyr fungere som tvangsgrunnlag for utlegg, jf. lov om tvangsfullbyrding § 7-2 første ledd bokstav e), jf. vass- og avløpsanleggslova § 6. At årsgebyret er tvangsgrunnlag for utlegg betyr at det fungere som grunnlag for utleggsforretning etter lov om tvangsfullbyrding kapittel 7. Resultatet av ei slik utleggsforretning vil kunne vere eit utleggspant i til dømes abonnenten sin eigedom. Utleggspantet vil igjen kunne fungere som grunnlag for tvangssal, jf. lov om tvangsfullbyrding § 11-2 første ledd bokstav b).

Til forskjell frå årsgebyret vil ikkje tilknytingsgebyret vere sikra med legalpant etter pantelova § 6-1 andre ledd bokstav c). Tilknytingsgebyret vil fungere som tvangsgrunnlag for utlegg, jf. lov om tvangsfullbyrding § 7-2 første ledd bokstav e), jf. vass- og avløpsanleggslova § 6. Ein må difor gå vegen om utleggsforretning for å få etablert utleggspant som tryggleik på kravet om tilknytingsgebyr. Utleggspantet vil igjen kunne fungere som grunnlag for tvangssal, jf. lov om tvangsfullbyrding § 11-2 første ledd bokstav b).

7.2.4. Forslaget i § 6-4 om iverksetting

§ 6-4 skal lyde:

Denne forskrifta erstattar forskrift av 20 november 2006 nr. 1742 om vass- og avløpsgebyr, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal og Gebyrregulativ for vatn og avløp i Sykkylven kommune pkt. 3, 4 og 5.

Forskrifta trer i kraft...

Slutføresegna er lagt opp til å seie når forskrifta skal tre ikraft. Det er likevel eit krav om at forskrifter blir kunngjort før dei kan tre ikraft, jf. forvaltningslova § 39. Blir det ikkje fastsett når forskrifta skal gjelde frå, vil den som utgangspunkt tre i kraft ein månad etter at den er kunngjort. Kunngjering skjer som hovudregel i Norsk Lovtidande.

8.0. Administrative og økonomiske konsekvensar

Gebyrforskriftene fastsett rammene for kva ein kan krevje inn i vass- og avløpsgebyr. Målet er at regelverket skal gi mest mogleg rettferdig fordeling av kostnadane mellom abonnentane. Eventuelle overskot, eller underskot i høve budsjetterte gebyrinntekter vil bli saldert mot sjølvkostfond.

Det er ikkje venta at gebyra vil endre seg vesentleg som følgje av ny forskrift. Det som kan påverke gebyrinntektene mest, er betaling etter målt forbruk. Elles vil endringa frå gebyr per eigedom til per bueining eller bygning, kunne gi noko høgare inntekter det første året. Også ulike størrelsar på fastleddet (abonnementsgebyret) avhengig av kategori eigedom (bustad, fritidseigedom osv) kan påverke inntektene.

Forslaget til ny forskrift gir moglegheit for kommunen til å sette meir differensierte satsar på enkelte område. I forlenging av dette kan det vere behov for å sjå nærare på gjennomføring av slike satsar. Nye satsar kan ikkje settast før dei kan dokumenterast gjennom ei sjølvkostkalkyle.

I høyringsnotatet har det vore trekt fram forslag om å utarbeide ei «billigheitserstatning» som kan fungere som prisavslag ved mangelfull vassleveranse, sjå pkt. 6.1.1.1 i høyringsnotatet, og om dette bør innarbeidast i sanitærabonnementet (avtalen mellom kommunen og abonnent). Det same har vore trekt fram i høve til kva som skal utgjere ein «uhøveleg stor kostnad» ved montering av vassmålar, slik at kommunen kan godkjenne ei anna løysing. Som eit resultat av dette kan det vere grunn for kommunen å gå gjennom gjeldande sanitærreglar.

